



Høgskolen i Telemark

Rapport og planar (2009-2010)

Høgskolen i Telemark

**Fastsett av styret
25. februar 2010**

Innhald

1. Innleiing	3
2. Resultatrapportering for 2009	8
3. Planar for 2010	48
3.1 Plan for verksemda i 2010	48
3.2 Plan for tildelt løyving for 2010	61

Vedlegg

- 1. Skjema for risikovurdering**
- 2. Evaluering av allmennlærerutdanninga ved Høgskolen i Telemark
- Oppfølgingsplan**
- 3. Evaluering av ingeniørutdanninga ved Høgskolen i Telemark
- Oppfølgingsplan**
- 4. Tillegg til rapport og planar (2009-2010) – innhenting av opplysningar om
potensiell vekstkapasitet blant universitet og høgskolar**
- 5. SAK-prosjekt: Prosjektomtaler**

1. Innleiing

1.1 Om Høgskolen i Telemark

Høgskolen i Telemark (HiT) blei etablert 1. august 1994 gjennom samanslåing av tidlegare Telemark distriktshøgskole, Bø, Telemark ingeniørhøgskole, Porsgrunn, Telemark lærarhøgskole, Notodden/Rauland, og Telemark sjukepleiarhøgskole, Skien.

HiTs fellesadministrasjon ligg i Porsgrunn. Mellom Porsgrunn og Rauland, dei geografiske ytterpunkta, er det 160 km.

HiT er den fjerde største av dei 23 statlege høgskolane. Talet på registrerte studentar hausten 2009 var 4 947 (heiltidsekvivalentar). Det er ein auke på 278 frå året før.

HiT er inndelt i følgjande fire avdelingar (forkortingar, geografisk lokalisering og fastsett resultatmål for talet på 60-studiepoengseiningar i 2010 og til samanlikning 2009 i parentes):

- Avdeling for allmennvitskaplege fag (AF, Bø, 1 320 (2010)/1 220 (2009))
- Avdeling for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning (EFL, Notodden/Porsgrunn/Rauland/Drammen, 1 414 (2010)/1 410 (2009))
- Avdeling for helse- og sosialfag (HS, Porsgrunn, 760 (2010)/780 (2009))
- Avdeling for teknologiske fag (TF, Porsgrunn, 616 (2010)/540 (2009))

Styret har på fagleg grunnlag oppretta grunneiningar (institutt) ved alle avdelingane i høgskolen.

Den faglege verksemda ved HiT er variert og omfattande. HiT kan tildele følgjande grader, som gjev rett til tilsvarande tittel, og yrkesutdanningar:

Grader:

- Høgskolekandidatgrad (normert studietid 2 år)
- Bachelorgrad (normert studietid 3 år)
- Mastergrad (normert studietid 2 år)
- Doktorgrad (normert studietid 3 år) (teknologiske fag)

Yrkesutdanning:

- Allmennlærerutdanning (normert studietid 4 år)
- Faglærerutdanning (normert studietid 4 år)

Innan teknologiske fag er det òg tilbod om doktorgradsutdanning i samarbeid med Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU). Høgskolen har i 2009 sendt søknader til Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) om å få akkreditert doktorgradsstudium i kulturstudiar og i økologi. Doktorgradsstudium i helsefremjande arbeid er til utgreiing i høgskolen.

Hovudtyngda av den ordinære undervisninga blir gjeven på dei faste studiestadene (Bø, Notodden, Porsgrunn og Rauland), men høgskolen tilbyr òg desentralisert førskolelærerutdanning i Drammen og desentralisert vernepleiarutdanning i Borre i Vestfold. Etter vedtak i styret og godkjenning i Kunnskapsdepartementet (KD) blir den desentraliserte vernepleiarutdanninga trappa ned og avslutta i løpet av studieåret 2009/2010 med overføring av tilsette og studentar til HiT-Porsgrunn. Frå hausten 2003 har høgskolen hatt tilbod om allmennlærerutdanning i Drammen i samarbeid med Høgskolen i Buskerud, som har sagt opp samarbeidsavtalen på dette området. HiT er òg fagleg ansvarleg for ex.phil./ex.fac.-utdanning og for nokre andre fagområde i utlandet gjennom ein samarbeidsavtale med Gateway College. HiT har dessutan eit stadig aukande tilbod av tradisjonell og nettbasert fjernundervisning.

HiTs forskings- og utviklingsverksemd (FoU) treng framleis å styrkjast når det gjeld forskingsleiing og forskingskultur og rekruttering av høgt forskingskompetent personale, sjølv om fleire sterke forskingsmiljø hevdar seg godt mellom dei statlege høgskolane i konkurransen om forskingsmidlar. Formidlingsverksemda er omfattande.

HiT freistar medvite å styrkje og utvide samfunnsrolla si, og legg særleg vekt på samfunns- og næringsliv i Telemarksregionen. Høgskolen fører vidare fleire samarbeidsavtalar baserte på samvirke mellom høgskolen, næringslivet og regionale styresmakter. Gjennom eksterne referansegrupper som er knytte opp mot dei ulike avdelingane sine studieprogram, arbeider høgskolen for å gjere studieprogramma endå meir relevante.

Samarbeidsrelasjonane til andre høgare lærestader nasjonalt og internasjonalt er gode og omfattande. Den internasjonalt orienterte verksemda har fått auka vekt og omfang.

HiT har etablert eit velfungerande støtteapparat rundt den faglege verksemda. Bibliotektenestene held høg kvalitet, IT-infrastrukturen er solid og stabil, og den bygnings- og anleggsmessige standarden er i all hovudsak god, men det er behov for større areal i Porsgrunn.

1.2 Rapportering om arbeidet i styret

Styret er HiTs øvste organ. Det er samansett av 11 medlemmer, av dei fem interne, fire eksterne og to studentar. Rektor er styreleiar. Høgskoledirektøren er styresekretær. Med grunnlag i ekstern evaluering, eiga utgreiing og intern høyring fastsette styret slik samansetjing, noverande leiarstruktur og intern organisering av høgskolen 27.10.06. Styret ser inntil vidare på dette som ei tenleg styresamansetjing, som tek omsyn til behovet for både ekstern og intern legitimitet. Styret fungerer òg godt som kollegialt organ. Styret har likevel bede om at det blir lagt fram ei sak om organisering, styring og leiing av høgskolen i god tid før noverande funksjonsperiode går ut for å få vurdert om det trengst endringar på dette området. Opplegget for slik gjennomgang er vedteke av styret. Evaluerings- og utgreiingsarbeidet er sett bort til AGENDA Utredning og Utvikling AS etter ein tilbudsrunde, og skal vere slutført innan mai 2010.

I inneverande funksjonsperiode (frå 01.08.07) har styret så langt lagt stor vekt på strategisk arbeid, med gjeldande styringsmodell i staten (mål- og resultatstyring med integrert risikostyring/risikovurdering) som fundament for arbeidet. Sentralt har stått tema som rullering av strategisk plan for perioden 2005-2009, arbeid med ny strategisk plan for perioden 2010-2014, arbeid med utviklingslinjer for høgskolen dei næraste åra, institusjonelt nettverkssamarbeid, og gjennomgang av studieporteføljen. Styret har her hatt merksemd retta mot fagleg profilering med nærare vurdering av utvikling i høgd og/eller breidd (balanse mellom bachelor- og master-/doktorgradsstudium og etablering av professorat), studiestadutvikling, universitetsetablering, fastsetjing av studieprogram og resultatkrav, intern evaluering av HiTs nosituasjon, samarbeid mellom avdelingane internt i høgskolen, og internt og eksternt samarbeid med val av Universitetet i Agder som hovudsamarbeidspart dei næraste åra.

På styreseminar i Kristiansand hausten 2007 (med deltaking frå Universitetet i Agder), i Oslo våren 2008 (med deltaking frå Universitetet for miljø- og biovitenskap) og i Bodø våren 2009 (med deltaking frå Høgskolen i Bodø) har det strategiske arbeidet med universitetsetablering og institusjonelt nettverkssamarbeid vore sett på dagsorden. På planlagt styreseminar våren 2010 vil det i regi av AGENDA Utredning og Utvikling AS bli halde ein "peer-review"-konferanse om høgare utdanning og forskning som ledd i arbeidet med evaluering av HiTs organisering, styring og leiing.

Styret har merka seg tilbakemelding frå etatsstyringsmøtet i KD 29.04.09 om m.a. hovudambisjonen om å bli universitet innan 2013, om strategiarbeidet, om gjennomgangen av studieporteføljen, om grunnskolelærarutdanninga, og om styrking av tildelinga til HiT av forskingsmidlar frå Noregs forskingsråd og EU-systemet, av publiseringsaktiviteten, og av bidrags- og oppdragsaktiviteten (BOA).

Denne og tidlegare tilbakemeldingar har ført til at styret har fastsett strategiar og tiltak på områda der det er signalisert ønske om betring. Styret trur at resultatata på desse områda blir betre som følgje av m.a. etableringa av to forskingsklyngjer innan prosess-, energi- og automatiseringsteknikk og kultur- og kulturpolitikkforskning

for å skape meir robuste fagmiljø, fastsetjinga av nye retningslinjer for BOA og gjennomgangen av det administrative støtteapparatet på dette området, og etableringa av eit eige FoU-utval leia av rektor med sterkare fokus på den fagleg-vitskaplege forskingsleiinga. Styret har elles merka seg at publiseringsaktiviteten har blitt grundig kartlagt i høgskolen og at FoU-utvalet har vurdert på nytt tilgjengelege verkemiddel for å auke denne aktiviteten. Styret trur òg at eit godt besøkt internt seminar hausten 2009 om EU-forskning med brei og kompetent deltaking frå Noregs forskingsråd på sikt vil stimulere og fremje aktiviteten også på dette området.

I fleire møte har styret drøfta universitetsambisjonane. Styret legg framleis til grunn at universitetsfunksjonar skal utviklast vidare i høgskolen, men siktemålet er no universitetsetablering innan 2016. Arbeidet med universitetsfunksjonane er prosjektorganisert, og styret har fastsett eigen prosjektplan for finansiering og forankring av universitetssatsinga med klare milepalar. Innan 01.06.10 skal det liggje føre ein modell for finansiering av meirkostnadene i oppstartfasen av universitetssatsinga (fram til 2018) som det er semje om regionalt, førebels stipulert til 90 mill. kroner. Innan 01.01.11 skal eit etableringsfond på 40 mill. kroner (ca. 50 % av etableringskostnaden) vere operativt. Av prosjektplanen går det òg fram at styret inntil vidare har vedteke å halde ope spørsmålet om eventuell fusjon med ein eller fleire naboinstitusjonar. Styret er i den samanhengen oppteke av å finne HiTs plass i det regionale, nasjonale og internasjonale utdannings- og forskingslandskapet, herunder nødvendig posisjonering for å fremje arbeidet med samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon (SAK). I planen strekar styret elles under at sjølv om spørsmålet om fusjon er uavklart, er det likevel viktig å halde fram arbeidet med kompetanseoppbygging i høgskolen. Styret strekar vidare under at noverande studiestadstruktur skal liggje fast til 2014, men meiner at diskusjonen om dette spørsmålet er viktig og bør følgje som ein konsekvens av definerte faglege og organisatoriske mål for høgskolen. Desse måla er tenkt definerte i det pågåande arbeidet med strategisk plan og evalueringa av HiTs organisering, styring og leiing.

Styret har utsett noko arbeidet både med studieportefølgjennomgangen og strategisk plan for perioden 2010-2014. Dette skuldast at styret har sett det som ønskeleg først å få avklart kva rolle HiT skal ha i arbeidet med dei nye grunnskolelærerutdanningane. Når KD no har avklart dette spørsmålet, vil arbeidet på begge dei nemnde områda bli slutført i 2010. Styret har inntil vidare lagt ein del føringar for arbeidet, m.a. at omsynet til HiTs hovudstrategiar og behovet for omstilling og endring skal vektleggjast i det vidare arbeidet med studieporteføljen.

Arbeidet med studie- og forskingskvalitet har på nytt vore tema i fleire omgangar i styret, m.a. ved behandling av søknad om godkjenning av etablering av doktorgradsstudium i prosess-, energi- og automatiseringsteknikk, av avtalar med regionale, nasjonale og internasjonale organisasjonar, av eksterne og interne evalueringar m.a. av ingeniørutdanninga, og av godkjenning av årsrapportar om læringsmiljø og studiekvalitetsarbeidet og av arbeidet i internasjonalt utval.

Strategisk styring i samband med personal- og økonomiforvaltning har stått sentralt gjennom behandling av eigne saker i styret i studieåret 2008-2009 om instruksar for dagleg leiing (rektor og høgskoledirektør), ny ordning med personalstyringsplan, felles forvaltning av ledige stillingar som forskingskapital, interne retningslinjer og rutinar for innkjøp, policy for informasjonstryggleik, årsrekneskap, utarbeiding av budsjettframlegg, orientering om status for høgskolens økonomi, disponering av tilleggsøyvingar til statsbudsjettet for 2009, ny ordning for fordeling og disponering av økonomiske ressursar til stipendiatstillinger, fordeling av tildelt budsjett med fastsetjing av resultatkrav, og langtidsbudsjett for perioden 2011-2015.

Styret har lagt vekt på å forvalte og disponere personalressursane og dei økonomiske ressursane effektivt og målretta slik at både KDs årlege resultatkrav blir oppfylde og langsiktige strategiar og utviklingslinjer blir følgde.

Styret sørgjer òg for at det er balanse mellom faglege og administrative ressursar ved m.a. årleg å fastsetje stillingsrammer for dei ulike driftseiningane i høgskolen. Slik fastsetjing av stillingsrammer viser seg å vere eit godt verkemiddel for strategisk og økonomisk styring.

Styret er godt nøgd med at HiT i 2009 ikkje har motteke vesentlege kritiske merknader frå Riksrevisjonen, men er kjent med og støttar opp under leiinga sitt vidare arbeid for at høgskolen fullt ut skal etterleve regelverk for BOA, for offentlege innkjøp, og for tidsregistrering og dokumentasjon ved utbetaling av overtidsgodtgjersle.

Kort oppsummert meiner styret at HiTs strategiar og faglege utvikling er i samsvar med dei måla som er fastsette av KD og Stortinget.

1.3 Rapportering om forvaltning av fullmakter

Delegert mynde frå sentrale styresmakter har i seinare år gjeve styret utvida handlingsrom på ei rekkje område, økonomisk, organisatorisk, fagleg og personalpolitisk. Fullmaktene har vore nytta i strategisk styring av høgskolen slik dette har vore funne tenleg.

Faglege fullmakter

Det er styret si oppgåve å trekkje opp strategien for fagleg verksemd og utvikling innanfor dei rammene som er gjevne av overordna organ. Det inneber at HiTs styre har fullmakt både til å godkjenne etablering av studium på lågare grads nivå og til å vedta at det blir søkt NOKUT om akkreditering og KD om godkjenning av etablering av studium på høgare grads nivå.

I denne rapporteringsperioden har styret lagt vekt på å føre vidare arbeidet med å styrkje universitetsfunksjonane for HiT, herunder utvikle nødvendige doktorgradsstudium og sikre ein fagleg basis for desse.

Styret har i elles denne perioden handsama gjennomgangen av studieporteføljen i to omgangar med sikte på ei avsluttande behandling våren 2010. Målsetjinga med gjennomgangen er m.a. å prøve å redusere omfanget av porteføljen og å skaffe eit grunnlag for arbeidet med ny strategisk plan for perioden 2010-2014. Styret har i 2009 vedteke å leggje ned eit bachelorgradsstudium. Styret har òg på bakgrunn av så vel personalmessige som økonomiske omsyn vedteke å utsetje oppstart av alt akkrediterte mastergradsstudium i engelsk og norsk, fagdidaktisk retning, mastergradsstudium i pedagogikk med vekt på didaktikk og leing, og mastergradsstudium i opplevingsøkonomi.

Styret viser til at gjennomgangen av studieporteføljen for HiT har teke vesentleg lengre tid enn planlagt. Styret konstaterer samstundes at det så langt i liten grad er vurdert å leggje ned studietilbod som har mindre relevans for doktorgradsstudia. Styret er likevel tilfreds med at det i perioden heller ikkje er vurdert å etablere nye studietilbod.

Styret vurderer det elles som nødvendig å utsetje mogeleg etableringsår for eit universitet i Telemark frå 2013 til 2016 av omsyn til noko svakare faglege og økonomiske resultat enn rekna med og så langt noko mindre regional støtte enn venta.

Personalpolitiske fullmakter

Styret er godt nøgd med det utvida handlingsrommet som institusjonane har fått på det personalpolitiske området i dei seinare åra, utan at det kan peikast på konkrete vedtak som er gjorde eller tiltak som er gjennomførde i 2009 med basis i gjevne fullmakter.

Økonomiske fullmakter

Fullmaktene knytte til økonomi er etter styret sitt syn svært tenlege. Nettobudsjettering gjev eit godt grunnlag for å tenkje heilskap for høgskolen, m.a. fordi inntekter og utgifter kan sjåast i samanheng slik at handlingsrommet kan utnyttast betre. Dette gjev ei friare fordeling mellom drift og investeringar, og kan gje effektiviseringsvinstar ved å gjere det mogleg å vurdere drifts- og investeringsmidlar i samanheng med eksterne midlar.

Høgskolen hadde eigarinteresse i berre to aksjeselskap i 2009. Styret vil føre vidare eigarinteressa i selskapet Vitenl@ben AS, medan eigarinteressa i selskapet Etnisk Musikkklubb AS vil bli avvikla. Vitenl@ben AS er strategisk viktig for høgskolen som verkemiddel for å fremje interessa for realfag.

1.4 Om resultatrapport 2009 og årsplan 2010

Rapport og planar (2009-2010), som med dette blir lagt fram, byggjer på retningsliner gjevne m.a. i KDs løyvingbrev til HiT for 2009 og 2010 med tilhøyrande rapporteringskrav.

Resultatrapporten for 2009 byggjer på HiT's årsplan for 2009 og på KDs rapporteringskrav. Når det gjeld dei resultatata HiT oppnådde i 2009, vil styret særleg framheve:

- Studentrekrutteringa var i 2009 samla sett tilfredsstillande og auka noko samanlikna med 2008. Det var likevel framleis ein del variasjonar mellom fagområda.
- Den samla studiepoengproduksjonen auka med 209 60-studiepoengseiningar frå 2008 til 2009. Studiepoengproduksjonen per student auka frå 44,9 i 2008 til 47,1 i 2009. Dette blir vurdert som svært tilfredsstillande.
- NOKUTs styre godkjende hausten 2009 HiT's kvalitetssikringssystem i andre syklus med nokre merknader og råd for vidare kvalitetsutvikling, som vil bli følgde aktivt opp.
- Forskingsproduksjonen auka òg i 2009 (frå 39,9 til 55,8 publikasjonspoeng). Styret meiner at det likevel framleis er eit betringspotensial her.
- Arbeidet med internasjonalisering i høgskolen er i god utvikling. Aktivitetane aukar og breidda i aktivitetane er stor. Talet på utvekslingsstudentar (ut-/innreisande) gjekk likevel litt ned frå 144 i 2008 til 132 i 2009. Her er det òg betringspotensial.
- Innan formidling og samarbeid med regionalt samfunns- og næringsliv er aktiviteten framleis stor, og engasjementet er breitt og omfattande. Styret har merka seg at det var framgang innan BOA i 2009 både når det gjeld omfang og resultat, men meiner at potensialet framleis ikkje i tilstrekkeleg grad er utnytta, og har stor merksemd retta mot dette området.
- Det økonomiske resultatet for 2009 var tilfredsstillande.
- Styret er elles tilfreds med at det blir lagt vekt på å sikre ein god intern kontroll i høgskolen. Det blir arbeidd aktivt med implementering av gode ordningar for risikovurdering, observerte veikskapar i økonomiforvaltninga blir tekne tak i, likestillingsarbeidet blir ført aktivt vidare, lærlingordninga blir nytta etter formålet, arbeidet med etikk har stor merksemd, miljøleining blir søkt integrert i høgskolen si verksemd, forvaltninga av bygningar og lokale er god, og føringar på IKT-området blir følgde opp.

Høgskolen har fått tildelt ei løyving for 2010 som er lågare enn venta. Dette skuldast m.a. svakare forskingsproduksjon i 2008 enn rekna med. Det merkast òg at auka basisløyving i 2008 og 2009 ikkje har blitt ført vidare. Difor har det vore nødvendig med sterk prioritering ved den interne budsjettfordelinga. Årsplanen for 2010 har blitt utforma etter mal for målstrukturen for statlege høgskolar slik denne kjem til uttrykk i KDs løyvingbrev av 18.12.09. Det har blitt lagt vekt på oppnådde resultat for 2009 og høgskolen sine egne risikovurderingar under utarbeidinga av årsplanen. I planen er elles rammer og føresetnader som er spesifiserte i Prop. 1 S (2009-2010) lagde til grunn, saman med føringar i høgskolen sin strategiske plan. Planen vil bli nytta gjennom budsjettåret som eit leiarverktøy i arbeidet for å nå strategiske mål for høgskolen. Det vil bli utarbeidd egne delplanar/tiltaksplanar for HiT's fire avdelingar og for fellestenestene.

Rektor og høgskoledirektøren har, kvar på sine område, eit overordna ansvar for at årsplanen blir følgd opp.

2. Resultatrapportering for 2009

Sektormål 1

Universitet og høgscolar skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.

Kvalitative styringsparametrar

Gjere greie for høgskolen sin strategi for utvikling av fagporteføljen og fagleg profil, herunder vise kva avvegingar som blir gjorde når det gjeld breidd versus djupn, omsynet til små og utsette fag, relevans m.v.

HiT sette hausten 2007 ned ei utgreiingsgruppe for å gjennomgå studieporteføljen. Arbeidet skulle ha vore avslutta medio september 2008, men har synt seg å vere meir krevjande enn ein først trudde. Det skuldast m.a. at denne gjennomgangen av studieporteføljen, med val av fagleg profil, heng nøye saman både med det pågåande arbeidet med strategisk plan, med universitetssatsinga og med utviklinga av ny grunnskolelærarutdanning. Saka har vore styrebehandla ved to høve, sist medio juni 2009. Styret slutta seg då førebels til hovudprinsippet om at HiTs framtidige fagprofil skal kjenneteiknast av to berande element. Det eine er dei fire doktorgradsprogramma (prosess-, energi- og automatiseringsteknikk, kulturstudier, økologi og helsefremjande arbeid) og studieprogramma som stør opp om desse. Det andre er profesjonsutdanningar og andre yrkesretta utdanningar (lærarutdanningane, helse- og sosialfagutdanningane, ingeniørutdanningane og økonomisk-administrative utdanningar). Ut frå gjeldande framdriftsplan vil styret gjere endeleg vedtak i saka i løpet av våren 2010.

Vurdere kvalitetssikringssystema, herunder korleis systema blir forankra i fagmiljøa, og gjere greie for korleis systema blir utvikla vidare.

HiTs system for kvalitetssikring av utdanningsverksemda blei evaluert i andre syklus av NOKUT våren 2009, og godkjent av NOKUTs styre 17.12.09. NOKUTs rapport av 14. oktober 2009 om evalueringa syner at kvalitetssikringssystemet stort sett er godt forankra i heile organisasjonen. Evalueringskomitéen si viktigaste tilråding på dette området er å styrkje engasjement og utvikling av ein felles kvalitetskultur på tvers av avdelingar, medrekna oppretting av studienemnd/utdanningsutval på institusjonsnivå. Høgskolen vil utarbeide ein oppfølgingsplan for å utvikle systemet vidare i tråd med evalueringskomitéen sine tilrådingar. Viktige tiltak er, i tillegg til å auke engasjementet og utvikle ein felles kvalitetskultur, å styrkje innsatsen når det gjeld å evaluere studieprogram, gjennomgå systemet for elektronisk evaluering av emne og læringsmiljø, vidareutvikle samarbeidet med eksterne aktørar, og auke merksemda på fråfall og gjennomstrøyming.

Gjere greie for korleis kvalitetssikringssystema blir nytta strategisk i arbeidet med å auke kvaliteten i utdanninga, og for korleis NOKUTs avslutta evalueringar, revideringar og akkrediteringar blir følgde opp.

Strategiar for kvalitetssikringssystemet og arbeidet med studiekvalitet, inkludert finansiering og ressursfordeling, er omtalt i Strategisk plan for HiT for perioden 2005-2009. Årsrapport om læringsmiljøet og årsrapport om kvalitetsarbeidet blir kvar haust lagde fram for styret slik at det kan takast omsyn til aktuelle tiltak ved budsjettfordelinga. Ved å vidareutvikle system for evaluering og rapportering, medrekna å betre informasjonsinnhenting og analyse, vil systemet i endå sterkare grad kunne nyttast i det strategiske arbeidet. I samband med oppfølging av rapporten frå NOKUT av 14. oktober 2009, vil dette vere eit viktig tiltak. NOKUTs evalueringar, revideringar og akkrediteringar blir systematisk følgde opp på ulike måtar. Nasjonale evalueringar og revideringar blir følgde opp med konkrete handlingsplanar i tråd med NOKUTs merknader og KDs oppfølgingskrav. Det blir teke nødvendig omsyn til merknader knytte til akkrediteringar av nye studium. Planane blir seinare følgde opp i samband med det årlege arbeidet med kvalitetsrapporten.

Grei ut om strategi for arbeidet med internasjonalisering, inkludert forskning og utviklingsarbeid og korleis dette bidrar til utviklinga av den faglege verksemda og kvalitet i utdanningane.

HiT's strategi for internasjonalisering er basert på høgskolen sin strategiske plan for perioden 2005–2009, der internasjonalisering er peika ut som eit satsingsområde. I denne perioden har hovudfokus vore på internasjonalisering av utdanning (mobilitet for studentar og fagpersonale, etablering av studietilbod på engelsk, samordning av samarbeid mot utvalde partnerar og tilrettelegging for utveksling i gradsprogramma). HiT har eit eige internasjonalt utval (IU), som legg fram ein årleg rapport til styret om arbeidet i utvalet og om internasjonaliseringsverksemda. Utvalet har eige budsjett (storleik +/- 1,5 mill. kroner årleg). Hovuddelen av desse midlane går til reisestøtte til fagleg tilsette (tilrettelegging for utveksling av studentar, gjennomføring av utveksling for fagpersonale og reiser innan FoU har vore prioritert). IU finansierer om lag halvdel av reisekostnadene, avdelingane den andre halvdel. For å stimulere til bruk av Erasmus-stipend og auke kontakten med europeiske partnerar, er det sett av midlar til å fullfinansiere Erasmus-mobilitet (kostnader ut over stipend).

HiT har i mindre grad arbeidd systematisk og strategisk med internasjonalisering av FoU-verksemda. Men i 2009 blei det oppretta eit eige FoU-utval, og det er gjort vedtak om at dei to utvala skal arbeide for betre samordning av aktuelle verkemiddel for ei meir strategisk satsing på internasjonalisering av FoU. HiT har eit omfattande internasjonalt nettverk innan FoU, jf. omtale under sektormål 2, men mellom anna som konsekvens av ambisjonen om å etablere fleire doktorgrader, ser ein eit behov for meir systematisk satsing på internasjonalt samarbeid.

HiT har merka seg signala i St.meld. nr. 14 (2008–2009) Internasjonalisering i utdanning og i St.meld. nr. 30 (2008–2009) Klima for forskning, og vil leggje desse signala til grunn for arbeidet med internasjonalisering i ny strategisk plan for 2010–2014. Hovudutfordringane i åra framover vil vere å få til fleire fellesgrader og eventuelt dobbeltgrader med utvalde utanlandske partnerar, meir systematisk satsing på å utvikle eit felles konsept innan ”internasjonalisering heime”, og betre samspel mellom internasjonalt samarbeid innan utdanning og FoU, særleg på område der HiT har tilbod om utdanning på mastergrads- eller doktorgradsnivå.

Ved HiT er det alt mange døme på tiltak som syner korleis internasjonalisering bidrar til å utvikle den faglege verksemda og kvaliteten i utdanningane. HiT vil byggje vidare på desse erfaringane i åra som kjem. Nedanfor er nokre døme frå 2009:

- Internasjonale studentprosjekt ved økonomi/administrasjon (”Euroweek”): Studentar frå institusjonane i eit nettverket kan delta i felles prosjekt over eit semester. Prosjekta er definerte og rettleia av fagpersonale ved kvar av institusjonane. Studentar frå fleire land samarbeider om kvart prosjekt – først ved ”fjernkontakt” frå heimeinstitusjonane, før arbeidet blir avslutta med ei felles internasjonal samling og konkurranse om mellom anna beste studentprosjekt og beste prosjekt-oppgåve/rettleiar.
- Internasjonale studentprosjekt i ingeniørutdanning ved HiT-TF: I samarbeid med industriverksemdar i Polen og Spania er det etablert studentprosjekt med oppgåve å løyse reelle industrielle problem. Prosjekta blir utførde ved HiT, med deltaking av norske, polske og spanske studentar. Utbyttet er at studentane løyser reelle problem, og får røynsle i å arbeide i internasjonale grupper.
- ”Student Weeks” i faglege nettverk: Mange studentar og fagleg tilsette er kvart år med på samlingar i etablerte faglege nettverk hjå partnerinstitusjonar – nokre med ”Intensive Programmes”. Slike samlingar og intensive program gjer det mogleg å tilføre studentar og fagpersonale eit komparativt perspektiv på eigne utdanningar og eigne problemstillingar. Sjå elles omtale av Nordiske nettverk og Europeiske nettverk under Verksemdsmål 1.3 Internasjonalisering.
- Internasjonalt nettverk i pedagogikk: Seminar om ”Quality in Education” i samarbeid mellom HiT og partnerar i Japan, India, USA og Norden.
- Rettleiing av mastergradsstudentar: Professorar ved HiT – særleg innan teknologi og natur- og miljøvern - er med å rettleie masterstudentar hjå ein partner, eller utanlandske professorar er med å rettleie ved HiT. Desse tilfella er ofte baserte på felles FoU-prosjekt.

- Praksis i utlandet: Formingslærarstudent var på praksisopphald hos dansk partner og arbeide med kostyme til lokalt sommarspel i Telemark under praksisen i Danmark.
- Gjestedørelsesar/professor II frå utanlandske partnerar på fleire fagområde: I tillegg til tradisjonell "utveksling" har HiT òg teke i bruk moderne teknologi der utanlandske førelsesar kan førelse i sanntid frå sitt heimkontor rett til eit auditorium ved HiT eller andre vegen. Det medfører mindre kostnader og gjer det mogleg å nytte faglege ressurspersonar frå utanlandske partnerar. Systemet er mellom anna prøvd ut innanfor sjukepleie og mastergradsstudium i forming.
- Samarbeid med partner i Kina innanfor forskning på biogass: Ein kan gjere forsøk med større datatilfang, og ein kan gjennomføre meir avanserte analysar til lågare kostnader men med høg kvalitet.
- Rekruttering til doktorgradsstillingar: Felles prosjekt (NOMA) gjev velkvalifiserte søkjarar til fagområde som det er vanskeleg å finne gode norske søkjarar til.
- "Studylink": Samarbeid mellom fleire norske universitet/høgskolar mot kinesiske universitet har medverka til å styrkje det internasjonale samarbeidet, initiere anna samarbeid mellom dei norske partnerane, synleggjere prosjektet for andre potensielle partnerar (til dømes næringsliv og offentlege styresmakter), og betre grunnlaget for rekruttering av studentar og for FoU-samarbeid.
- "Nordisk friluftsliv": Ved å ta delar av eit studium ved ein institusjon i eit anna land, får studentar erfaring og kompetanse frå andre former for friluftsliv i andre miljø enn ved berre å studere i Noreg.
- Studentutveksling på mastergrads- og PhD-nivå knytt til felles FoU-prosjekt.
- Spesielt utvekslingsopplegg hos amerikanske partnerar for å leggje til rette for 3 månaders opphald i USA innan sjukepleie.
- Felles seminar om bruk av prosjektbasert utdanning i ingeniørutdanning med dansk partner.

Sjå elles under sektormål 2 for meir omtale av internasjonalt FoU-samarbeid.

Gjere greie for utviklinga av bindande samarbeid med institusjonar i spesialist- og primærhelsetenesta der studentane har praksis. Det omfattar òg kvalitetssikringa av studentane sin praksis.

Gjennom KS-Telemark samarbeider HiT med kommunane Porsgrunn og Skien om praksisstudiar for helse- og sosialfagsutdanningane. HiT har tilsvarende avtalar med helseføretaka i regionen. I rapportane for 2007 og 2008 viste HiT til slike samarbeidsavtalar og om gjennomføring av prosjekt i den samanhengen. Utviklinga av dette samarbeidet med praksisstadene er ført vidare i 2009. Målsetjinga med prosjekta er å styrkje og kvalitetssikre praksisdelen av utdanninga.

Gjere greie for høgskolen si oppfølging av NOKUTs evaluering av allmennlærerutdanninga.

Det blir vist til rapport for status for tiltak i HiT's oppfølgingsplan for allmennlærerutdanninga, som følgjer som vedlegg til denne rapporten.

Gjere greie for høgskolen si oppfølging av NOKUTs evaluering av ingeniørutdanninga.

Det blir vist til tillegg til oppfølgingsplanen i samband med evaluering av ingeniørutdanninga ved Høgskolen i Telemark og rapport for status for tiltak i HiT's oppfølgingsplan for ingeniørutdanninga, som følgjer som vedlegg til denne rapporten.

Gjere greie for tilrettelegging for studentar med nedsett funksjonsevne.

Styret fastsette i desember 2008 handlingsplan for studentar med nedsett funksjonsevne for perioden 2009-2014. Høgskolen har etablert ei gruppe med kontaktpersonar for studentar med nedsett funksjonsevne. Grappa skal mellom anna sjå på universelle løysingar på tvers i organisasjonen, og har i 2009 starta arbeidet med å

vurdere felles retningslinjer for bruk av hjelpemiddel ved tilrettelegging av eksamen. Driftstenesta arbeider kontinuerleg med å følgje opp tiltakslistene som blei utarbeidde etter Statsbyggs gjennomgang av bygningsmassen i 2005. Driftstenesta har i 2009 starta arbeidet med å revidere tiltakslistene på grunnlag av Lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne, som tok til å gjelde frå 1. januar 2009. Dei største utfordringane er å få etablert universelle løysingar og dermed redusere behovet for individuell tilpassing.

Utdanning

Verksemdsmål 1.0 (eigendefinert)

Høgskolen i Telemark (HiT) skal vere universitet innan 2013, anten åleine eller saman med andre.

Eigendefinerte styringsparametrar:

- a) *Det skal avklarast om planane for universitetsutvikling skal først vidare med HiT som planfundament eller om universitetsambisjonane skal søkjast realiserte gjennom fusjon med andre institusjonar.*

Desse avklaringane kom heller ikkje i 2009. Men den stramme økonomiske situasjonen i 2009 har vist at det er nødvendig å leggje betydeleg meir kraft i å auke dei eksterne inntektene dersom det skal vere realistisk å realisere universitetsambisjonane åleine, jf. bokstav d) under. Styret vil innan sommaren 2010 gjere nødvendige vedtak i denne samanhengen.

- b) *Avtalen med Universitetet i Agder om institusjonelt nettverkssamarbeid skal følgjast opp.*

Avtalen med Universitetet i Agder har i perioden blitt følgd opp gjennom ei felles leiarsamling våren 2009 der aktuelle samarbeidsområde blei nærare konkretiserte. Samarbeidet kan etter HiTs vurdering enno utviklast betydeleg i omfang. Døme på dette samarbeidet er eit initiativ til felles søknader om SAK-midlar innanfor aktuelle område. For nærare utgreiing om SAK-samarbeidet generelt blir det vist til eige avsnitt under *Anna rapportering* og verkemdsmål 4.4 i årsplanen for 2010. Institusjonane har i 2009 særleg samarbeidd om Senter for omsorgsforskning - Sør og om utvikling av eit mastergradsstudium i informasjonssystem og fri programvare med planlagt oppstart hausten 2010. Det sistnemnte tiltaket medverkar til tenleg arbeidsdeling mellom dei to institusjonane på dette området. Vidare har dei to institusjonane i 2009 samarbeidd med Universitetet i Stavanger i "Sørvestregionen" om utvikling av ny grunnskolelærarutdanning.

- c) *Fagleg fundert samarbeid med fagmiljø ved andre universitet og høgskolar skal styrkjast og vidareutviklast.*

HiT har eit omfattande nettverk av fagleg funderte samarbeidsavtalar knytte til utdanningsverksemda. Dette samarbeidet blei vidareutvikla i 2009. Døme på slikt samarbeid er:

- Samarbeidsprosjekt med UMB, UiA, NIVA og IFE om forvaltning av ferskvassressursane, særleg i samband med skogbrannar (AF).
- Samarbeid med UiO (Institutt for historie og arkeologi) om feltarbeid med georadar (AF).
- Samarbeid med UMB m.a. om rettleiing av doktorgradsstipendiatar (AF).
- Samarbeid med HiBU om lærarutdanningar. Samarbeidet om allmennlærarutdanninga er under avvikling fordi HiBU har sagt opp samarbeidsavtalen (EFL).
- Samarbeid med Akademiet i Åbo om metodekurs som er ein del av doktorgradsutdanninga ved denne institusjonen i Finland (EFL).
- Samarbeid med HiL og NOVA om utvikling av mastergradsstudium i fleirkulturelt førebyggjande arbeid med barn og unge (HS).
- Samarbeid med UiA om Senter for omsorgsforskning - Sør (HS).

- Samarbeid med UiA og HiG i Studylink, som omfattar eit felles samarbeid med universitet i Kina om rekruttering og utveksling av studentar og tilsette, forskning og næringslivssamarbeid. Det er og under utvikling felles internasjonaliseringsaktivitetar retta mot India og Sri Lanka (TF).
- Samarbeid med Handelshøyskolen BI om å tilby eit mastergradsstudium innan produksjonsleiing. HiT er ansvarleg for 30 studiepoeng i BIs Master of Management. Samarbeidet omfattar òg regionalt næringsliv (TF).
- Samarbeid med UiA om forskarutdanning innan teknologi (TF).

HiT er nøgd med at omfanget av fagleg funderte avtalar ser ut til å auke. HiT meiner likevel at det er ønskjeleg å auke omfanget av samarbeidet med andre institusjonar om nye studietilbod også på nasjonalt nivå.

- d) *Det skal etablerast eit universitets-/kompetansefond i Telemark på 200 mill. kroner, med tilsegn om 50 mill. kroner ved utgangen av 2009.*

Målet om å etablere eit universitets-/kompetansefond i Telemark med tilsegn om 50 mill. kroner ved utgangen av 2009 blei ikkje nådd. Det kom ikkje inn eksterne midlar til dette føremålet i 2009 ut over dei 10 mill. kroner som Telemark fylkeskommune alt har løyvd. I tillegg til tilsetjinga av ein prosjektdirektør som har ekstern finansiering av universitetssatsinga som særskilt ansvars- og arbeidsfelt, blei det difor i 2009 òg sett ned ei eiga prosjektgruppe som skal medverke under arbeidet med finansiering og forankring.

- e) *HiT skal setje i gang doktorgradsstudium i prosess-, energi- og automatiseringsteknikk.*

Målet om å setje i gang doktorgradsstudium i prosess-, energi- og automatiseringsteknikk blei nådd i 2009. NOKUT fatta 03.03.09 vedtak om akkreditering av doktorgradsstudium på dette området, og KD godkjente etablering av doktorgradsstudiet 23.04.09. Det er per 31.12.09 teke opp 8 stipendiatar til studiet, medan 10 andre truleg kjem til å søkje opptak i løpet av kort tid.

- f) *HiT skal søkje Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) om akkreditering av doktorgradsstudium i kulturstudiar og i økologi.*

HiT nådde målet om å sende søknader til NOKUT om akkreditering av doktorgradsstudium i kulturstudiar og i økologi i 2009.

- g) *HiT skal ha utarbeidd det andre plandokumentet for nytt doktorgradsstudium i helsefremjande arbeid.*

HiT nådde ikkje målet om å utarbeide det andre plandokumentet for nytt doktorgradsstudium i helsefremjande arbeid. Det er sett av midlar til det vidare utgreiingsarbeidet, og dette arbeidet er sett i gang med sikte på ferdigstilling i løpet av vårsemesteret 2010.

- h) *Det skal setjast av interne strategiske satsingsmidlar til planlegging og realisering av doktorgrads- og mastergradsstudia, i takt med ekstern finansiering.*

Dei strategiske satsingsmidlane gjeld tiltak som i all hovudsak støttar universitetssatsinga, m.a. realisering av doktorgrads- og mastergradsstudia. Samla sett blei det løyvd vel 6,5 mill. kroner til desse tiltaka i 2009.

Verksemdsmål 1.1

Høgskolen i Telemark skal utdanne kandidatar med høg kompetanse med relevans for samfunnet sitt behov.

Styringsparametrar	Resultat				Resultatmål	Ambisjonsnivå
	2006	2007	2008	2009	2009	2010
Talet på primærsøkjarar per studieplass*	-	1,68	1,43	1,44	1,66	1,50
Studietilbod i samarbeid med andre norske institusjonar (fellesgrader)	-	-	-	-	-	-
Styringsparametrar fastsette av høgskolen						
Primærsøkjarar i Samordna opptak	2098	2437	2269	2301	2400	2500
Talet på studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar)	4443	4503	4669	4947	4784	5189

* Tala er henta frå DBH og er endelege tal etter opptaket. Tidlegare blei tala henta frå Samordna opptak etter suppleringsopptaket.

Sjølv om ikkje resultatmåla for dei aktuelle styringsparametrane blei nådde fullt ut for 2009, meiner HiT at verksemdsmålet i all hovudsak blei nådd.

Finanskrisa, utsiktene på arbeidsmarknaden og store alderskull gjorde at det var venta ein auke i søkjarmassen til høgskolar og universitet i 2009. Samordna opptak (SO) fekk då òg ein markant auke i søkjartalet, 104 316 mot 96 545 i fjor. SO registrerte 2301 primærsøkjarar til HiT, dvs. 32 fleire enn i 2008. Sjølv om HiT dermed hadde ein faktisk auke i talet på primærsøkjarar, var auken mindre enn landsgjennomsnittet. Utviklinga dei siste tre åra viser at HiT tapar marknadsdelar i høve til institusjonar som ligg geografisk nært, dvs. Høgskolen i Vestfold, Høgskolen i Buskerud og Universitetet i Agder.

Telemark har lågare folketal i høve til talet på studieplassar enn Buskerud, Vestfold og Agder-fylka. Sidan dei fleste primærsøkjarane til HiT kjem frå Telemark, har HiT store utfordringar med å auke søkjarmengda av eigne innbyggjarar. Prosentdelen av søkjarar til HiT frå Vestfold og Buskerud varierer frå år til år. HiT har tidlegare hatt deltidsstudium i vernepleie desentralisert til Vestfold. Siste delen av denne aktiviteten blir flytta til Porsgrunn i 2010.

Ei forklaring på nedgangen i talet på primærsøkjarar per studieplass er at HiT hadde ein auke på 109 studieplassar frå fjoråret, samtidig som veksten i søkninga ikkje blei som venta. Med 1,44 primærsøkjarar per studieplass låg HiT under snittet for statlege høgskolar (1,95).

Som det går fram av tabellen, auka talet på studentar (heiltidsekvivalentar) monaleg frå 2008 til 2009 (278). Måлтаlet blei såleis nådd med god margin (163 fleire).

Læringsmiljø

Verksemdsmål 1.2

Høgskolen i Telemark skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming.

Styringsparametrar	Resultat				Resultatmål	Ambisjonsnivå
	2006	2007	2008	2009	2009	2010
Nye studiepoeng per eigenfinansiert student per år	44,9	44,6	44,9	47,1	44,4	47,5
Studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling*	16,6	17,3	17,0	17,8	17,5	17,5
Styringsparametrar fastsette av høgskolen						
Talet på eigenfinansierte nye 60-studiepoengseiningar	3650	3735	3829	4038	3950	4110
Talet på uteksaminerte mastergradskandidatar	98	67	82	108	129	108
Talet på uteksaminerte bachelorgradskandidatar	659	718	692	686	700	764
Talet på uteksaminerte kandidatar fordelt på utvalde område						
• sjukepleie	102	112	109	92	95	110
• vernepleie	56	90	50	67	64	37
• allmennlærer	94	82	101	69	80	62
• førskolelærer	87	96	92	150	160	132
• ingeniørutdanning	84	76	96	112	100	130

* KD har gjort mindre endringar i definisjonen på kva for stillingskategoriar som skal reknast med. Tidlegare var ikkje høgskolelektor og høgskolelærer rekna med i talet på stillingar.

HiT meiner at dette verksemdsmålet i all hovudsak blei nådd i 2009.

HiT hadde ein auke i studiepoengproduksjonen per student frå 2008 til 2009, frå 44,9 til 47,1 (39,7 i snitt for statlege høgskolar). Resultatmålet blei dermed oppfylt med god margin. Talet på studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling blei 17,8, dvs. 0,3 over resultatmålet. Snittet for statlege høgskolar var 18,7. Talet på eigenfinansierte nye 60-studiepoengseiningar blei i 2009 4038, ein auke på 209 einingar (5,2 %) samanlikna med 2008. Resultatmålet på 3950 blei såleis også nådd.

Talet på mastergradskandidatar har frå 2008 til 2009 auka med 26. TF hadde m.a. ein auke i talet på uteksaminerte mastergradskandidatar, og HS uteksaminerte dei første mastergradskandidatane i fleirkulturelt førebyggjande arbeid med barn og unge. Likevel var ikkje auken stor nok til at resultatmålet for mastergradskandidatar i 2009 blei nådd.

686 bachelorgradskandidatar fullførde i 2009, medan resultatmålet var 700.

Når det gjeld dei utvalde områda, blei resultatmåla for uteksaminerte kandidatar oppfylte for ingeniørutdanninga og vernepleiarutdanninga. For allmennlæruddanninga og sjukepleiarutdanninga var det ein nedgang i talet på kandidatar samanlikna med 2008, og resultatmåla blei ikkje nådde. Allmennlæruddanninga hadde noko svak gjennomstrøyming, medan årsaka til nedgangen frå 2008 for sjukepleiarutdanninga er eit noko mindre avgangskull. Førskolelæruddanninga hadde ein fin auke i talet på ferdige kandidatar samanlikna med 2008, medan resultatmålet ikkje blei nådd fullt ut.

Det er gjort fleire tiltak for å oppretthalde eller auke studiepoengproduksjon og gjennomstrøyming ved høgskolen. AF har mellom anna innført fleire obligatoriske innleveringar i emne der strykprosenten etter erfaring er stor, og i tillegg er det i slike emne lagt inn ekstra rettleiing for studentar som ønskjer det. Dette har resultert i lågare strykprosent. Til dømes hadde matematikk hausten 2009 ca. 10 % stryk mot over 30 % tidlegare år. For mastergradsutdanningane har AF blant anna reservert eigne rom for studentane. Oppfølginga av studentane er betra ved at rettleiar m.a. tek direkte kontakt med ikkje aktive studentar. Det blir inngått mastergradskontraktar ved oppstart av studiet. Det er òg innført obligatorisk frammøte i undervisninga ved mastergradsstudiet på Institutt for idretts- og friluftsfag.

Ved EFL blei det i 2009 sett i verk ei ordning med deling av valemne i 2x15 studiepoengsmodular i staden for ein 30 studiepoengsmodul. Det er i tillegg sett fokus på kontaktlærarfunksjonen for å rettleie og følgje opp studentar som måtte ha problem med studiegjennomføringa. Nettbasert undervisning blir teke i bruk i større grad. Denne undervisningsforma gjev etter erfaring meir engasjerte studentar, noko som kan slå positivt ut på gjennomføringa. Avdelinga har i aukande grad lagt meir vekt på læringsmiljøet i dialogmøta med studentane.

Ved TF vil det, som del av eit nytt prosjekt ”Forbetringsprosjekt for ordinært studieløp - Bachelor teknologiske fag”, bli vurderte karakterkrav i matematikk. TF vil vidare vurdere å utvikle ein rutine for systematiske undersøkingar av studieinnsatsen til studentane. Den første studentundersøkinga blei gjennomført mai/juni 2009. Avdelinga har òg starta eit arbeid med å skaffe meir systematisk oversyn over inntakskvaliteten.

Ei viktig utfordring for 2010 er å betre gjennomstrøyminga. Det er i den samanhengen viktig at arenaer for kontakt mellom tilsette og studentar blir haldne oppe og betra. Det er òg viktig å oppretthalde og vidareutvikle god kontakt med næringslivet og aktuelle arbeidsgjevarar for å vere godt kjent med kva krav og forventningar dei har til kvalifikasjonar hos kandidatane.

Internasjonalisering

Verksemdsmål 1.3

Høgskolen i Telemark skal ha eit utstrekt internasjonalt utdanningssamarbeid av høg kvalitet, som medverkar til auka utdanningskvalitet.

Styringsparametrar	Resultat				Resultatmål 2009	Ambisjonsnivå 2010
	2006	2007	2008	2009		
Talet på utvekslingsstudentar (ut-/innreisande)	106	153	144	132	175	175
Talet på framandspråklege utdanningstilbod*	-	26,0	29,0	40	10	45
Studenttilbod i samarbeid med utanlandske institusjonar (fellesgrader)	-	-	-	-	-	-
Styringsparametrar fastsette av høgskolen						
Talet på framandspråklege utdanningstilbod målt i studiepoeng	490	720	690	895	690	985

* Spesifikasjonen for dette parameteret er endra. For 2009 skal ein rapportera ”talet på emne med omfang 10 studiepoeng eller meir”, medan resultatmålet for 2009 var sett til ”talet på studietilbod”. Sjå nærare kommentar under den tekstlege omtalen av parameteret nedanfor.

Sjølv om resultatata for dei aktuelle styringsparametrane ikkje fullt ut oppfylte tilhøyrande resultatmål, meiner HiT at verksemdsmålet er rimeleg godt oppfylt.

HiT er nøgd med utviklinga innanfor området internasjonalisering i utdanningsverksemda, sjølv om det framleis er ønskjeleg å få fleire studentar til å reise på utveksling. Det er ønskjeleg å få til meir samarbeid om grader og kortare studietilbod, og det er ønskjeleg å få til ordningar som gjer det mogleg for fleire tilsette å dra på lengre opphald i utlandet (ein månad eller meir).

Alle avdelingane ved HiT arbeider no godt med å utvide det internasjonale samarbeidet. Ved HS er det mellom anna oppretta eit lokalt internasjonalt utval, og det er fastsett ein eigen lokal plan for internasjonalisering. Det er framleis nokre miljø som kunne ha vore meir aktive, men samanlikna med stoda i 2005 har utviklinga vore positiv. Leiinga på institusjons- og avdelingsnivå legg vekt på internasjonalisering som eit viktig kvalitativt aspekt ved verksemda ved HiT, og eit viktig element i konkurransen om både studentar og fagpersonar.

Høgskolen har eit godt utbygd internasjonalt nettverk, og arbeider for tida aktivt for å kople saman ulike fagområde i høgskolen når det gjeld internasjonalisering og for å introdusere nye miljø til etablerte avtalepartnarar. HiT er med i ei rad Nordplus- og Erasmusaktivitetar, har fleire større prosjekt innanfor utdanning med stønad gjennom SIU, og har etablert samarbeid med partnarar i dei fleste av dei geografiske områda som har vore prioriterte dei siste åra (Kina, India og USA for å nemne nokre døme).

Studentutveksling

Studentutvekslinga totalt (ut + inn) gjekk noko ned i høve til 2008. HiT ser ei utfordring i at relativt mange av studentane ved høgskolen er vaksne og meir stadbundne enn yngre studentar, og at ein stor del av studentmassen ved HiT går på praksistunge utdanningar, der det er vanskeleg å leggje til rette for lengre opphald i utlandet (sjukepleie og lærarutdanning), eller der det tradisjonelt har vore lite utveksling (ingeniørutdanning).

Fleire fagmiljø har sett i verk tiltak for å motivere fleire studentar til å reise ut (betre informasjon, betre tilrettelegging m.v.). På bakgrunn av oppnådde resultat kan resultatmålet på 175 studentutvekslingar synast høgt, men i høve til studenttalet er det etter HiT si mening moderat og bør bli ståande.

Framandspråklege utdanningstilbod

Som omtala i merknad til tabellen med styringsparametrar ovanfor, er det ei endring i definisjonen av dette parameteret frå i fjor til i år. Då resultatmålet for 2009 blei fastsett, var parameteret definert som talet på *studietilbod* med engelsk (eller eit anna framandspråk) som undervisningsspråk. Ut i frå denne definisjonen var resultatmålet for 2009 sett til 10 – to fleire enn i 2008. Dette resultatet blei nådd med oppretting av Ecotourism and Sustainability (60 studiepoeng) og den nye doktorgraden i Process, Energy and Automation Engineering.

I departementets krav til rapportering for 2009 blei parameteret endra til talet på enkeltemne med eit omfang på 10 studiepoeng eller meir underviste på engelsk, ikkje medrekna språkfag. Resultatmålet for 2009, slik det går fram av tabellen, viser såleis talet på studietilbod, ikkje talet på emne.

Kolonna **Resultatmål 2009** syner det resultatmålet som var fastsett då Rapport og planar (2008-2009) blei vedteken – 10 studietilbod med engelsk som undervisningsspråk. Resultatet blei nådd, sjå kommentar i innleiinga til omtalen av dette parameteret.

Resultat for 2009 syner talet på enkeltemne (på 10 studiepoeng eller meir) ut frå ei manuell opteljing, medan resultatata for 2007 og 2008 er henta frå departementet sin DBH-portal, og viser tala slik det blei aggregerte frå det automatiske statistiske grunnlaget for desse åra.

HiT har satsa på å leggje til rette for internasjonalisering ved mellom anna å tilby fleire kortare studium og emne på engelsk, i tillegg til mastergradsstudia i teknologi. Dei kortare engelskspråklege tilboda er populære for utvekslingsstudentar frå utanlandske partnarar, og også ein del "free movers" søkjer seg til desse tilboda. HiT vil vurdere om nokre av desse tilboda kan integrerast i ordinære gradsstudium, av ressursmessige

grunnar, for å få til betre kontakt mellom norske og utanlandske studentar, og som eit tilbod under paraplyen ”internasjonalisering heime”.

Felles grader

HiT er førebels ikkje med i nokon felles internasjonal grad slik dette er definert i grunnlaget for rapportering frå DBH. Erfaringa til no har vore at det er ein lang og krevjande veg å gå. Men med klarare retningsliner for slikt samarbeid aukar interessa. HiT er mellom anna med i eit nettverk som arbeider for å få til ei felles mastergrad i kroppsøving saman med Université Henry Poincaré (Frankrike), Palacký University Olomouc (Tsjekkia), University of Extremadura (Spania) og The Physical Education teachers training in Porto (Portugal).

HiT er elles partner i ei nordisk/baltisk dobbel bachelorgrad i marknadsføring (AF), saman med 5 andre partnerar (Århus Universitet – Danmark, Mälardalen Högskola – Sverige, Lahti University – Finland, Tallinn University of Technology – Estland og Reykjavik University – Island).

Innanfor friluftsliv er HiT med i eit nordisk samarbeid om ei eittårig fordjuping, der studentane tar 15 studiepoeng hjå kvar partner, og der dei som gjennomfører studiet, kan søkje seg vidare til ei mastergrad ved ein av institusjonane. Partnerar er Syddansk universitet, Københavns universitet, Göteborgs universitet, GIH Stockholm og University of Iceland. Studiet er nett- og samlingsbasert.

HiT – og særleg EFL og HS – er aktive i ei rad faglege nettverk med tilbod om kortare samlingar, Intensive Program og praksis for studentar og lærarar (sjå nedanfor under Nordiske nettverk og Europeiske nettverk).

Nye internasjonale samarbeidsprosjekt innan utdanning i 2009

Sosialfag (HS) er med i eit nordisk prosjekt med mål å utvikle ein felles studieplan for vidareutdanning i Kultur for helse, saman med Malmö Högskola (Sverige), University College Syd (Danmark) og Yrkesakademien i Österbotten (Finland).

Ved TF er det innleia eit samarbeid med Harbin Institute of Technology (Kina) innanfor biogass og bioenergi, og eit prosjekt innan teknologi i samarbeid med National Technical University of Ukraine.

Internasjonale samarbeidsprosjekt innan utdanning som er avslutta i løpet av 2009

Multikulturelt pedagogisk arbeid – lærarutdanninga (EFL) i samarbeid med University of Pune (India).

Oppbygging av sjukepleiarutdanning i Malawi (HS) i samarbeid mellom Kyrkjias Naudhjelp, HiT, HiVe, HiØ, HiAk, Hsh, Diakonhjemmets Høgskole i Noreg og Christian Health Association of Malawi og 5 sjukepleiarutdanningar i Malawi (2005–2009), bistand med undervisning og overføring av kompetanse.

”Kultur i vården”, nordisk nettverk innanfor psykisk helse.

Aktive nordiske nettverk i 2009

EFL er aktive i nettverk om forming (2), pedagogikk, førskolelærarutdanning, lærarutdanning, naturfag i lærarutdanning, samfunnsfag i lærarutdanning, folkemusikk og folkekunst. HS har rapportert om i alt fire nordiske nettverk innan sjukepleie, barnevern og kultur for helse (to). AF er med i to nordiske nettverk – innan marknadsføring og kultur.

Aktive europeiske nettverk i 2009

AF er med i eit nettverk knytt til mastergradsutdanning i vasskvalitet og eit nettverk i økonomi/ marknadsføring. EFL er med i tre ulike nettverk innan kroppsøving, eitt i pedagogikk (rettleiing av nyutdanna lærarar) og to i tradisjonskunst. HS er med i eit nettverk innan sjukepleie og eit i barnevern og vernepleie, medan TF er med i eit stort nettverk innan elektroingeniørutdanning og eit innan kjemiingeniørutdanning.

Deltaking i bistandsprega prosjekt

Oppbygging av utdanning i økoturisme i Kirgisistan (samarbeid med Bishkek Academy of Finance and Economics, finansiering frå Sentral-Asia programmet), oppbygging av mastergrad i "Sustainable Process Development" på Sri Lanka (samarbeid med University of Moratuwa), finansiering frå NOMA-programmet. Prosjektet starta i 2006, blei utvida med eitt nytt studentopptak i 2009 og det er søkt om ytterlegare eitt opptak i 2010 (førebels ikkje avgjort), og oppbygging av folkemusikkutdanningar i Ukraina og Ungarn.

Prosjekta held fram frå tidlegare år og inneber at fagpersonar frå HiT tar aktivt del i undervisning i enkeltemne ved partneruniversiteta, medan ein søker å byggje opp kompetansen hjå heimeinstitusjonane. Studentar frå partnerinstitusjonane får stipend for å ta heile/delar av tilsvarande utdanningar ved HiT. Personale frå partnerar får fagleg oppgradering eller relevant vidareutdanning ved HiT.

Andre internasjonale samarbeid/prosjekt

- Kina-samarbeidet mellom Universitetet i Agder, Høgskolen i Telemark og Høgskolen i Gjøvik heldt fram i 2009. Det er rekruttert fleire mastergradsstudentar og PhD-studentar frå partneruniversiteta i Hubei. Gjennom dette samarbeidet er det mellom anna teke initiativ overfor UHR for å få etablert eit nasjonalt "Kina-forum" i 2009, ein møteplass for institusjonar innanfor høgare utdanning som samarbeider med Kina. Samarbeidet med Telemark fylkeskommune heldt fram, mellom anna med arrangementet Norway – Hubei Week i Telemark i 2009, der HiT var ansvarleg for fleire fagrelaterte seminar.
- Samarbeid med India, m.a. om pedagogisk arbeid i eit fleirkulturelt miljø. Det er inngått ein formell avtale med University of Pune (UoP), India. Førskolelærarstudentar og studentar i fleirkulturelt barnevern har hatt praksisopphald ved skolar og andre relevante institusjonar i India (mindre enn tre månader), med vellukka resultat. Også teknologiutdanningane har no knytt kontaktar til UoP.
- Samarbeidet med partneruniversitet i Midtvesten held fram. Det har i 2009 vore fleire personal- og studentutvekslingar med m.a. Minnesota State University Mankato, Luther College, Augustana College - Sioux Falls og Minot State University og South Dakota School of Mines. Den generelle samarbeidsavtalen med Minnesota State University Mankato er supplert med ein avtale om samarbeid innan pedagogikk. Innan sjukepleie er det utarbeidd eit opplegg som gjer det mogleg for sjukepleiarstudentar frå HiT å ta eit heilt semester utveksling ved Augustana College.

EU/EØS-prosjekt innan utdanning

- Restaurering av kulturminnebygg i Romania (EØS-finansiering): Tradisjonskunstmiljøet i samarbeid med ein kommune og kulturminnestyresmakter i Romania, Telemark fylkeskommune og Vest-Telemark museum. Nettverket knytt til prosjektet har resultert i etablering av eit Erasmus-samarbeid med eit universitet i Romania.
- Tekstildesign i Slovakia (EØS/NIL/norske finansieringsmekanismar): Tradisjonskunstmiljøet på Rauland i samarbeid med Academy of Fine Arts and Design Bratislava (Slovakia). Prosjektet finansierer både student- og lærarstipend og mange ulike aktivitetar som seminar og utstillingar.
- Early Career Support for Beginning Teachers (EØS-finansiert): Pedagogikk, knytt opp mot fagleg tilsette som arbeider mot PhD-grad i pedagogikk. Samarbeid med ein tsjekkisk partner (The National Institute for Further Education).

Personalutveksling

75 tilsette ved HiT hadde faglege opphald ved ein utanlandsk partnerinstitusjon i 2009, medan 39 frå utanlandske partnerar vitja HiT. Berre fem personar frå HiT hadde eit opphald på ein månad eller meir i utlandet, og fire personar frå utlandet hadde eit lengre opphald ved HiT. Dei fleste kortare opphald galdt samarbeid om utdanning - i stor grad gjesteførelingar eller intensive program i nettverk. Sjå elles omtale av personalutveksling og internasjonalt FoU-samarbeid innanfor sektormål 2.

Tre administrativt tilsette ved HiT gjennomførte såkalla ”tilsett-utveksling” under Erasmus i 2009 – ein frå biblioteket, ein frå administrasjonen ved HS og ein frå Internasjonalt kontor i Fellesadministrasjonen.

Utover dette, sjå omtale av personalutveksling under sektormål 2.0.

Nye avtalar som er underskrivne i 2009:

Erasmuspartnarar:

XIOS Hogeschool Limburg (Belgia) – sosialfag

Dundalk Institute of Technology (Irland) – folkekultur/folkemusikk

Wageningen Universiteit (Nederland) - natur og miljø/biologi

Universitatea Babes-Bolyai Cluj-Napoca (Romania) – språk og filosofi

Universitat de Barcelona (Spania) – miljøvern, økologi og naturvitskaplege fag

Loughborough University (Storbritannia) – idrett

Hochschule Mannheim (Tyskland) – ingeniørutdanning/teknologi

Europa utanom Erasmus-samarbeidet:

National University of Culture and Arts - Faculty of Design (Ukraina) – folkekunst

The M. Boychuk State Institute of Decorative Applied Arts and Design (Ukraina) – folkekunst

The Belarussian State University (Kviterussland) - folkekunst

Utanom Europa:

Harbin Institute of Technology (Kina) – teknologi

University of Otago (New Zealand) – fleire fagområde, ikkje sjukepleie og ingeniørutdanning

Linfield College (USA) – Scandinavian Studies in Telemark

Molloy College (USA) – lærarutdanning, økonomi og administrasjon, sjukepleie

Pacific Lutheran College (USA) – Scandinavian Studies in Telemark

Internasjonale arrangement ved HiT

Døme på internasjonale arrangement ved HiT i 2009: Miniseminar om strategiar for utvikling av FoU (HS - i samarbeid med professorar frå Minnesota State University), seminar om ”Small Universities in Rural Settings” (AF i samarbeid med University of Alberta-Augustana Faculty), internasjonalt seminar om ”Gamle teknikkar – ny estetikk” (EFL), Norway – Hubei Week (HiT i samarbeid med Telemark fylkeskommune og Hubei Province i Kina), besøk frå Hubei Province Department of Education til HiT, Nordisk seminar i kulturstudiar (AF), Internasjonal vinterfestival i Rauland innan folkekultur (EFL) – med deltaking frå partnarar, ymse besøk til og frå utanlandske partnarar og ymse utanlandske gjesteforelesarar.

Anna

Biblioteket ved HiT samarbeider med universitetsbiblioteket ved Universitetet i Tromsø om å hjelpe Birzeit University i Palestina med å byggje opp eit ope institusjonelt arkiv etter mønster av TEORA (Telemark Open Research Archive).

I tillegg til dei konkrete eksempla på internasjonalt utdanningssamarbeid som er nemnde i punkta ovanfor, har alle avdelingane rapportert inn ei rad andre prosjekt som syner stor breidd i HiTs internasjonale utdanningssamarbeid.

Evaluering

Verksemdsmål 1.4 (eigendefinert)

Høgskolen i Telemark skal ha god studentdeltaking i evaluering av emne, infrastruktur og læringsmiljø.

Styringsparametrar fastsette av høgskolen	Resultat				Resultatmål	Ambisjonsnivå
	2006	2007	2008	2009	2009	2010
Prosentdel deltaking i evaluering av emne	20	32	32	26	40	40
Prosentdel deltaking i evaluering av infrastruktur og læringsmiljø	12	13	17	15	40	40

HiT er framleis lite nøgd med måloppnåinga for dette verksemdsmålet.

Resultatet for evaluering av emne og evaluering av infrastruktur og læringsmiljø i 2009 viser at HiT ikkje nådde målet på 40 % deltaking, og at deltakinga har gått kraftig ned. Prosentdel deltaking i evaluering av emne i 2009 blei i snitt 26 % og alle avdelingane hadde i varierende grad nedgang samanlikna med 2008.

Ei forklaring på nedgangen kan vere at det har vore mindre merksemd retta mot den elektroniske evalueringa av di ein har venta på ein gjennomgang av heile evalueringsprosessen (NOKUTs evaluering i andre syklus). Elles er det ei utfordring å motivere studentane til å evaluere, då det mellom anna er låg tiltru til oppfølging av resultatane. Det er i nokre høve også vanskeleg å få emneansvarlege til å setje av tid på PC-lab og samle studentane for evaluering. På institusjonsnivå blir evalueringsperiodane følgde ved at evaluering er tema i leiargruppa. Det blei i tillegg sendt ut jamlege statusrapportar i løpet av evalueringsperiodane.

Infrastruktur og læringsmiljø blir evaluert ein gong per år i vårsemesteret. Deltakinga var svært låg i 2009, og det var ein nedgang frå 17 % i 2008 til 15 % i 2009. Nedgangen kan ha same forklaring som nedgangen i svarprosent i evaluering av emne.

På grunn av at resultatmåla ikkje er nådde over fleire år, og på grunnlag av rapporten frå NOKUT av 14.10.2009 om evaluering av system for kvalitetssikring av utdanninga ved Høgskolen i Telemark, vil det bli oppnemnt eit breitt samansett utval for vurdering av evalueringsordningane ved HiT.

Sektormål 2

Universitet og høgskolar skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.

Kvalitative styringsparametrar

Gje ein analyse av høgskolen sitt arbeid for å styrkje profesjonsretta forskning og nyskapsarbeidet i regionen.

Både i høgskolen sin gjeldande strategiske plan og i arbeidet med ny strategisk plan er det lagt vekt på å styrkje profesjonsretta forskning. M.a. går det fram av gjeldande plan at internt finansierte doktorgradsstipend skal rettast inn mot profesjons- og praksisfeltet.

Både EFL og HS har arbeidd aktivt for å få tilsett fleire i faglege første- og toppstillingar for på den måten å styrkje grunnlaget for profesjonsretta forskning.

HS har spissa FoU-satsinga si gjennom etablering av to forskingsgrupper ("Barn og ungdom" og "Omsorg 2015"). Begge gruppene er leia av tilsette med førstekompetanse. Det er i denne samanhengen verdt å nemne at HiT saman med UiA fekk tildelt eitt av dei regionale forskingssentra for omsorgsforskning. Her er

ambisjonen, i tillegg til å spisse FoU-satsinga, å få til ei breiare fagleg plattform for FoU-verksemnda på dette feltet. Samarbeidet med UiA har alt resultert i fleire felles søknader til Forskningsrådet, og etter planen vil HS samarbeide med UiA gjennom Senter for omsorgsforskning - Sør om SAK-prosjekt, jf. egne omtalar andre stader i dette dokumentet. Også EFL vil delta i forskingsrelaterte SAK-prosjekt i samarbeid med UiA (praksisforskning) og Universitetet i Stavanger (Master of Education).

HS har laga ein FoU-plan med hovudmålsetjing å byggje opp FoU-kompetansen for på den måten å auke FoU-produksjonen ved avdelinga. I den samanhengen kan det nemnast at seks fagleg tilsette vil levere sine søknader om førstelektorkompetanse i løpet av 2010.

HS har òg tildelt ein person koordineringsansvaret for den samla FoU-verksemnda ved avdelinga.

EFL har nytta egne FoU-midlar mellom anna til å gjennomføre eit ”skrivekurs”, dvs. eit kurs (15 studiepoeng) i vitenskapsteori og metode på PhD-nivå der artikkelskriving er ein del av kurset. Avdelinga har peikt ut ein FoU-koordinator ved kvart institutt som skal hjelpe instituttleiar og rettleie fagpersonalet i arbeidet med publisering. Avdelinga har elles søkt forskingsmidlar innan programma KULVER og Utdanning 2020, begge NFR-program. Jamt over gjeld søknadene om interne FoU-ressursar profesjonsretta forskning og utviklingsarbeid.

Vurdering av tiltak for å auke gjennomstrøyminga i forskarutdanninga og status for rekruttering på ulike fagområde.

HiT har per i dag eitt eige doktorgradsprogram, PhD i prosess-, energi- og automatiseringsteknikk. Dette programmet starta opp i 2009, og difor er det ikkje sett i verk spesielle aksjonar for å auke gjennomstrøyminga der. HiT har hatt eit doktorgradsprogram saman med NTNU i fleire år. I 2009 blei det ikkje sett i gang spesielle tiltak for å auke gjennomstrøyminga på dette programmet ettersom det meste av ressursane gjekk med til å byggje opp HiTs eige PhD-program.

Rekrutteringa til doktorgradsprogrammet har vore jamt over god.

Vurdering av korleis høgskolen betrar samarbeidet med nasjonal og internasjonal utdannings- og forskingsverksemd.

Når det gjeld nasjonalt samarbeid innan utdanning, blir det vist til omtale under verksemdsmål 1.3, Internasjonalisering. Kommentaranane nedanfor gjeld difor i all hovudsak nasjonalt og internasjonalt forskingssamarbeid.

HiT har i mange år hatt omfattande forskingsmiljø på ei rad fagfelt, med godt utbygde nettverk både nasjonalt og internasjonalt. Dette er godt dokumentert og verdsett gjennom at høgskolen nyleg har fått godkjent rett til å tildele eigen PhD-grad innanfor teknologi (Prosess-, energi- og automatiseringsteknikk), og ved at det er sendt inn søknader til NOKUT om godkjenning av ytterlegare to doktorgradsprogram i Kulturstudier og i Økologi. Desse søknadene femner til saman om fagmiljø knytte til fleire av mastergradsprogramma høgskolen har: Teknologi (3), Kulturstudier, Tradisjonskunst og forming, Kunst og handverk (omsøkt doktorgradsprogram i Kulturstudier) og Natur-, helse- og miljøvern (omsøkt doktorgradsprogram i Økologi). Dette er tunge fagmiljø som over tid har hatt høve til å byggje opp nettverka sine, og som kan vise til internasjonalt velrenommerte forskingsresultat.

I tillegg har fagmiljøet knytt til mastergraden i Kroppsøving, idrett og friluftsliv (femner om miljø både ved AF og EFL) omfattande nettverkskontaktar.

Sidan HiTs styre vedtok ambisjonen om å bli universitet, har det vore arbeidd med å få til meir strategisk og institusjonell samordning av forskingsaktiviteten innanfor satsingsområda. Formålet har særleg vore å byggje

opp meir robuste, konsoliderte og spissa fagmiljø. Dette er ein strategi som vil vere nødvendig og tenleg anten målet om universitetsstatus blir realisert eller ikkje.

Som ved mange andre institusjonar i sektoren, har mykje av forskinga ved HiT vore knytt til individuelle forskarar og deira uformelle nettverk. Gjennom at det no blir lagt større vekt på institusjonelt samarbeid, ser vi korleis mange av dei gamle, meir uformelle nettverka gjev grunnlag for å byggje opp nye, institusjonelle samarbeidsrelasjonar.

HiTs styre har vore særleg oppteke av desse problemstillingane i 2009, og det er m.a. lagt fram eigne saker for styret med oversyn over avtalar med internasjonale og nasjonale samarbeidspartnarar. Det er ein uttalt ambisjon i høgskolen å etablere meir integrerte nettverk, der samarbeidet med partnerane kan femne både om undervisning og FoU. Her vil det vere særleg viktig å kople mastergradsstudium/ PhD-studium og forskingsverksemd.

Ein konsekvens av auka vekt på samordning og nettverksbygging innan forskning, er at styret i 2009 etablerte eit eige FoU-utval ved HiT, som eit rådgjevande organ for styret og høgskoleleiinga om strategiske saker knytte til FoU-verksemda. Utvalet er sett saman med rektor som leiar, leiande forskarar (helst med professorkompetanse) frå avdelingane og ein representant for doktorgradsstipendiatane. I mandatet heiter det m.a. at utvalet skal *"foreslå utforming av HiTs forsknings-, innovasjons- og forskerutdanningspolitikk"* og *"stimulere til nettverksbygging innen FoU"*.

Styret har vidare vedteke å etablere (førebels) to forskingsklyngjer innanfor kjerneområda knytte til PhD-graden i prosess-, energi- og automatiseringsteknikk og til området for søknaden om doktorgrad i kulturstudiar (Kultur- og kulturpolitikkforskning). Forskingsklyngjene har fått tildelt nokre eigne driftsmidlar og sekretærhjelp.

Vi kan elles nemne desse eksempla på nasjonalt og internasjonalt institusjonelt samarbeid ved HiT:

Teknologi

- Samarbeid med NTNU over mange år om doktorgradsutdanning, som held fram også etter at HiT har fått rett til å tildele eigen doktorgrad på dette området
- Samarbeid med UiA og HiG om felles satsing mot Kina (Studylink) og eit tilsvarande initiativ for å få til samarbeid innan utdanning og FoU mot India (jf. omtale under verksemdsmål 4.4 i årsplanen for 2010)
- Samarbeid med Aalborg Universitet om doktorgradsutdanning (forskarskole, stipendiatar og felles forskingsverksemd innan fleire sentrale område for HiTs teknologimiljø), og utveksling av studentar og lærarar
- University of Moratuwa (Sri Lanka) – samarbeid om mastergradsutdanning og FoU innan bioenergi og biogass
- Stellenbosch University (Syd-Afrika) – forskning innan CO₂-fangst og porøse medium
- Huazhong University of Science and Technology – samarbeid om FoU innan bioenergi og biogass
- Deltaking i fast europeisk tematisk nettverk innan elektroingeniørutdanning og FoU (THEIERE)

Kulturstudiar (heile området som er omfatta av søknad om doktorgrad i kulturstudiar)

- Samarbeid med Telemarksforskning-Bø om Senter for kultur- og idrettsstudiar
- Aktiv deltaking i ei rad faste, internasjonale og nasjonale nettverk som t.d. The International Conference on Cultural Policy Research og Den Nordiske Konferansen i Kulturpolitikkforskning (saman med Aalborg Universitet og Høgskolan i Borås)
- Samarbeid med Universitetet for miljø og biovitskap om doktorgradsprosjekt innan friluftslivsområdet
- Samarbeid med University of Loughborough om komparativ idrettspedagogikk (professor II, felles forskning)
- Samarbeid med Københavns universitet (m.fl.) om nordisk nettverk for PhD-studentar

- Deltaking i NordFo – nordisk nettverk for forming og formgjeving, m.a. samarbeid om å gje ut publikasjonsserie
- Samarbeid med Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo og Høgskolen i Oslo om forskarnettverket Design-Dialog om doktorgradsutdanning
- Deltaking i Nordtrad – nordisk nettverk i folkemusikk, saman med 16 partnarar i dei nordiske og dei baltiske landa
- Deltaking i European Seminar in Ethnomusicology – fast europisk nettverk innan folkemusikk
- Samarbeid med Academy of Fine Arts and Design Bratislava, Slovakia og Universitatea de Nord Baia Mare, Romania - forskingsprosjekt om ”Tradisjonar i rørsle”

Økologi

- Samarbeid med Noregs veterinærhøgskole og Kreftsenteret på Ullevål universitetssjukehus – forskingsprosjekt om genetisk respons til spesifikk miljøpåverknad hjå fisk
- Universitetet i Oslo, Universitetet i Tromsø, University of Oxford og The Netherlands Institute of Ecology – samarbeid om Forskringsrådsfinansiert prosjekt om åtferdsøkologi hjå bever (herunder doktorgradsarbeid)
- Universitetet i Kaunas, Litauen – samarbeid om forskning for å kartleggje førekomst av ulike flåttborne sjukdomar

Andre fagområde

- Senter for omsorgsforskning - Sør, i samarbeid med UiA
- Samarbeid med høgskolane i Vestfold, Østfold og Buskerud om Rettleiing av nyutdanna lærarar, saman med kommunar og Utdanningsdirektoratet
- Samarbeid med Kyushu Institute of Technology om forskning innan kroppssøving/naturfag (How the environment affords physical activity)
- Samarbeid med University of Turku, Finland, University of Nagoya, Japan, University of Pune, India og Minnesota State University Mankato, USA om forskning innan “Quality of Education”

Til slutt kan det nemnast at HiTs nettverksbygging – anten det gjeld nasjonalt eller internasjonalt samarbeid om forskning – framleis kan verke meir fragmentert enn ønskjeleg. Ein må kunne rekne med at nettverka blir meir tydelege og formaliserte etter kvart som dei faglege kjerneområda blir konsoliderte, med sterkare strategisk styring på institusjonsnivå og vektlegging av kor viktige nettverka er. HiT meiner likevel at dei tiltaka som er nemnde først under omtalen av denne parameteren, vil medverke til at samarbeidet med norsk og internasjonal utdannings- og forskingsverksemd blir betre både i omfang (der det framleis er lite) og kvalitet.

Forskings- og utviklingsarbeid

Verksemdsmål 2.0 (eigendefinert)

For å kunne realisere universitetsambisjonen skal Høgskolen i Telemark ha sterke miljø for FoU og kunstnarleg-kreativ verksemd som hevdar seg nasjonalt og internasjonalt, og særleg på dei områda der høgskolen har eller skal etablere doktorgrads- og mastergradsutdanningar.

I plandokumenta for doktorgradsstudia i prosess-, energi- og automatiseringsteknikk, i kulturstudiar og i økologi er det gjort greie for dei nasjonale og internasjonale samarbeidsrelasjonane som finst i desse fagmiljøa. Det er oppretta forskingsklyngjer tilknytte to av områda, det vil seie innan gass- og energisystem og kultur- og kulturpolitikkforskning. For å følgje opp denne satsinga blei det i 2009 sett av midlar til stipendiatar og til administrativ bistand til dei to forskingsklyngjene. Det er vedteke å utvide og føre denne satsinga vidare i budsjettet for 2010, og det er planlagt ei årleg opptrapping av løyvingane på dette området.

Forskingsklyngja innan kultur- og kulturpolitikkforskning dekkjer i hovudsak same fagområde som det no permanent etablerte Senter for kultur- og idrettsstudiar (SKI), og det er truleg at denne overlappinga vil gje synergieffektar.

Det er i 2009 oppnemnt eit doktorgradsutval for doktorgradsstudiet i prosess-, energi- og automatiseringsteknikk. Utvalet er sett saman av tre professorar, ein PhD-koordinator, ein studentrepresentant og ein representant frå avdelingsadministrasjonen. Utvalet hadde fem møte i 2009.

FoU-utvalet starta arbeidet sitt i 2009 og har i alt hatt fire møte. Det blei i 2009 m.a. trekt tett inn i arbeidet med ny strategisk plan for HiT for den komande 4-årsperioden.

Eigendefinert styringsparameter:

a) *Strategiske FoU-midlar på institusjonsnivå skal rettast inn mot doktorgrads- og mastergradsområda.*

Strategiske FoU-midlar er nytta til å byggje opp kompetanse på doktor- og mastergradsområda i tråd med dei eigendefinerte styringsparametranne. Midlane er brukte forskjellig, ettersom dei ulike avdelingane møter varierende interne utfordringar knytte til oppretting av eigne doktorgrader og nye mastergrader. Nokre har behov for å heve dei tilsette sitt kompetansenivå opp til førstestillingsnivå og prioriterer det, medan andre alt har fleire førstestillingar og prioriterer nyttilsetjingar og tilsetjing av stipendiatar. To forskingsklyngjer og to forskingsgrupper er oppretta ved høgskolen.

b) *Det skal setjast av strategiske satsingsmidlar til*

- *Doktorgradsutdanning HiT-NTNU*

HiT dekkjer ca. 2/3 av dei kostnadene som er knytte til PhD-utdanning i samarbeid med NTNU. I samanheng med at HiTs eiga PhD-utdanning innan prosess-, energi- og automatiseringsteknikk blei godkjend av NOKUT i 2009, vil desse kostnadene bli overførde til eige PhD-program frå og med 2010.

- *Doktorgradsstudium i prosess-, energi- og automatiseringsteknikk*

Det er løyvd strategiske midlar til fagleg oppbygging i samband med dette doktorgradsstudiet. Midlane dekkjer to nye ekstra professorat, tre nye tekniske stillingar og ei halv administrativ stilling. I tillegg blir auka kostnader knytte til administrasjon, reiseverksemd, møte, utstyr, litteratur og programvare dekte. Ein del av kostnadene er fordelte til andre driftseiningar som bibliotek og IT-tenester.

- *Mastergradsstudium i fleirkulturelt førebyggjande arbeid med barn og unge*

Strategiske FoU-midlar er nytta for å auke kompetansen innan dette fagområdet. Det er oppretta to forskingsgrupper, "Barn og ungdom" og "Omsorg 2015", som er knytte til mastergraden. I gruppa "Barn og ungdom" er det sett i gong to studiar, ein med tema ernæring blant barn og unge i Telemark, og ein med tema profesjonskvalifisering av sosialarbeidarar, lærarar og sjukepleiarar. I tillegg blir det arbeidd strategisk med å styrkje barne- og ungdomsforskinga i samarbeid med kommunane i Telemark og NOVA.

- *Nettbasert master i formgjeving, kunst og handverk*

For å byggje opp rettleiarkompetanse hos fleire av dei tilsette ved Institutt for forming og formgiving, er det sett i gong eit doktorgradskurs på 15 studiepoeng i regi av Åbo Akademi, med ein professor II derifrå som leiar. Gjennomføring av kurset inneber m.a. skiving av artikkel for mogleg publikasjonspoeng-gjevande publisering.

- *Senter for omsorgsforskning – Sør*

Under "Omsorg 2015" er det òg sett i gong eit forskingsprosjekt. Det blir arbeidd med å få inn ein stipendiat knytt til prosjektet og med ein søknad til Forskingsrådet.

Verksemdsmål 2.1

Høgskolen i Telemark skal medverke til profesjonsretta forskning, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionen.

Styringsparametrar	Resultat				Resultatmål	Ambisjonsnivå
	2006	2007	2008	2009	2009	2010
Publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling*	0,17	0,24	0,12	0,18	0,25	0,19
Tildelingar frå Forskingsrådet per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling*	13,9	20,6	11,8	8,8	9,0	11,0
EU-tildeling per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	-	-	-	-	-	-
Styringsparametrar fastsette av høgskolen						
Talet på publikasjonspoeng totalt	54,5	73,3	39,9	55,8	75	60
Talet på tilsette som blir utveksla via programavtalar	36	66	114	129	85	15
Talet på publikasjonar i TEORA			68	64	136	145
I samarbeid med andre institusjonar skal det etablerast ein fagfelleverdert publiseringsskanal for kunstnarleg-kreativ verksemd				0	1	

*KD har gjort mindre endringar i definisjonen på kva for slags stillingskategoriar som skal reknast med. Tidlegare var ikkje høgskolelektor og høgskolelærer rekna med i talet på stillingar.

HiT er lite nøgd med måloppnåinga for dette verksemdsmålet.

Talet på publikasjonspoeng for 2009 ligg godt under målkravet om 0,25 poeng, men med ein viss auke i høve til 2008. Alle avdelingane har sett i verk ulike tiltak for å auke talet på publikasjonspoeng (avsetjing av meir forskningstid, oppfølging i samarbeid med biblioteket, tema i leiarmøte på ulike nivå m.m.).

TF har gått markant fram og har meir enn firedobla talet på publikasjonspoeng frå året før.

Ved HS og EFL er talet på publikasjonspoeng omtrent som i fjor, men aukande. I reine tal dubla HS talet på publikasjonspoeng i 2009.

Ved AF har FoU-produksjonen gått markant ned frå 2008 til 2009, og avdelinga har det lågaste talet publikasjonspoeng sidan rapporteringa starta. Avdelinga står no overfor eit generasjonsskifte og det blir arbeidd aktivt med å rekruttere nye vitenskapleg tilsette med høg kompetanse. Arbeidsplanar og samtalar knytte til publikasjonspoeng er aktive verkemiddel, saman med ei skjerping av kontrollen med bruk av FoU-tid.

HiTs løyving frå Forskingsrådet var på ca. 2,8 mill. kroner i 2009, dvs. ein reduksjon på om lag 1 mill. kroner samanlikna med 2008. Eit nytt strategisk høgskoleprosjekt blei innvilga i 2009 (Wildfire effects on biogeochemistry of soil and surface water). I denne samanhengen bør det òg nemnast at strategisk satsing på CO₂-forskning ved HiT-TF og det tilgrensande forskingsinstituttet Tel-Tek har resultert i tilsegn om tildeling av om lag 29 mill. kroner frå Forskingsrådet i perioden frå 2010 til 2015, 13,5 mill. kroner av desse til HiT-TF.

Det er fokus på å lyfte løyvingane frå Forskingsrådet i heile HiT. Somme avdelingar har arbeidd konkret med dette og har hatt det som eit sentralt tema i instituttmøte og på liknande møteplassar. Ei avdeling har sett av økonomiske midlar for å dekkje kostnader knytte til å søkje om midlar frå Forskingsrådet.

HiT har vedteke strategiar for å auke tildelingane frå Forskingsrådet. Desse inneber mellom anna å prioritere forskingsklyngjer, styrkje samarbeid med relevante forskingsmiljø, og skilje betre mellom undervisningstid og FoU-tid. Det er venta auke i tildelingane frå Forskingsrådet på sikt som eit resultat av desse strategiane.

I 2009 blei det ikkje søkt om EU-midlar ved HiT. Fleirtalet av avdelingane rapporterer likevel at dei er opptekne av dette og har starta konkret arbeid for å søkje om EU-midlar i nær framtid, anten internt eller i samarbeid med andre institusjonar og samarbeidspartnarar. Eit godt besøkt internt seminar hausten 2009 om EU-forskning med brei og kompetent deltaking frå Forskingsrådet vil på sikt truleg stimulere og fremje aktiviteten også på dette området.

Sjølv om talet på publikasjonspoeng auka frå 2008 til 2009, blei resultatet langt under resultatmålet på 75. Som nemnt er det truleg fleire grunnar til dette, og tiltak blei sette i verk i 2009 for å rette opp dei dårlege tala. Fleire av tiltaka har venteleg verknad på sikt.

Spesifikasjonen for personalutveksling er endra i høve til tidlegare år. For 2009 skal ein rapportera ”talet på tilsette som har hatt utvekslingsopphald i utlandet med varigheit på minimum *ein månad*”, medan rapportane frå tidlegare år og resultatmålet for 2009 blei fastsett på grunnlag av utvekslingar med varigheit minimum *ei veke*. Då det for tidlegare år ikkje finnst formelt registrerte historiske tal som motsvarar den nye definisjonen for 2009, er dei gamle historiske tala førte vidare. Det gjelder òg for resultatmålet for 2009, som blei fastsett i høve til tidlegare definisjon. Ambisjonsnivået for 2010 er fastsett ut frå ei vurdering av kva som kan vere realistisk å vente ut frå større fokus på lengre opphald.

Ved HiT er det for 2009 rapportert ni utanlandske opphald/utvekslingar på minimum ein månad (fire inn og fem ut). Talet er naturleg nok svært mykje lågare enn dei tidlegare tala for opphald på minst ei veke. Knapp økonomi på fleire avdelingar og institutt gjer det vanskeleg å leggje til rette for reiser/fråver av stort nok omfang. I samband med at det i 2009 blei etablert eit FoU-utval, er det vedteke å sjå nærare på om det er mogleg å samordne verkemiddel under FoU-utvalet og Internasjonalt utval for mellom anna å kunne leggje betre til rette for lengre opphald i utlandet. Det vil elles bli lagt vekt på at doktorgradsstipendiatar får høve til å opphalde seg ei tid i utlandet som del av doktorgradsarbeidet sitt. Talet på kortare utvekslingar totalt (mindre enn ein månad) i 2009 var 129 (54 inn og 75 ut), mot 114 i 2008 (39 inn og 75 ut), noko som er ein god indikator på omfanget av HiTs internasjonale nettverk. Utfordringa no er å leggje til rette for meir utveksling knytt til FoU-prosjekt og FoU-samarbeid, men òg å stimulere til meir konkret utdanningssamarbeid og personalutveksling i samband med det.

Talet på publikasjonar i TEORA er omtrent som førre året, men med ein svak nedgang. Dei trendane som kan lesast av talet på publikasjonspoeng, ser ut til å gjelde også for publisering i TEORA. Dei same avdelingane som går fram i publikasjonspoeng, går også fram i bruken av TEORA, og den avdelinga som går mykje tilbake i publiseringspoeng, går også markant tilbake i publisering i TEORA. Frå den avdelinga som går mest fram i tal på registreringar, blir det rapportert om systematisk arbeid knytt til registrering, sett i samband med innsatsen som er lagt ned for å auke mengda publikasjonspoeng. Det er likevel verdt å merkje seg at ei av avdelingane, som ikkje hadde endring i talet på publikasjonspoeng, har mangedobla talet på registreringar i TEORA trass i at det blir rapportert om at det ikkje er lagt særskild vekt på å auke dette talet.

Sektormål 3

Universitet og høgscolar skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultatane. Universitet og høgscolar skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.

Kvalitative styringsparametrar

Gjere greie for arbeidet for at innovasjon blir ein del av verksemda ved høgskolen.

HiT har også i 2009 vore engasjert i Forskningsrådet sitt program *Verkemiddel for regional FoU og innovasjon (VRI)* i Telemark. Dette er eit felles samhandlingsprosjekt som inkluderer fleire regionale aktørar. Prosjekta frå 2008 blei vidareførde med ei viss justering i 2009.

HiT er med i følgjande delprosjekt:

- a) Innovativt kunde- og leverandørsamarbeid. Innanfor dette prosjektet blir det arbeid m.a. med å vidareføre nettverket STiG – Samarbeidande Teknologibedrifter i Grenland. Organisasjonen sitt idégrunnlag er å få til auka samarbeid gjennom brei medverknad. Nettverket har i dag 18 medlemsbedrifter som sysselset ca. 3000 personar. I tillegg har dette prosjektet medverka til etablering av Lean Forum Grenland og etablering av HMS Forum Telemark.
- b) Klyngjeutvikling og innovasjon i Telemark si IKT-næring. Dette prosjektet arbeider med å få til auka samhandling mellom IKT-bedriftene, dei store industribedriftene i regionen og høgskolen. Samarbeidet har m.a. medverka til at det har blitt fleire kvalifiserte søkjarar til IKT-studia ved HiT. Prosjektet har òg utvikla eit program for studentutplassering, praksis og prosjektoppgåver i Telemark sine IKT-bedrifter. I tillegg har prosjektet medverka til etablering av eit nytt næringsretta mastergradsstudium i samarbeid med Universitetet i Agder. Dette samarbeidet har fått støtte frå Noregsuniversitetet (kr 600 000 i 2010 med tilsegn om kr 200 000 for 2011).

HiT var inne i sitt niande år som FORNY-aktør i 2009. HiT har i denne perioden arbeid med ei rad tverrfaglege utviklingsprosjekt som truleg blir vidareførde i 2010 med det formål å kunne kommersialisere resultatane frå prosjekta.

Høgskolen har i tillegg eit utstrekt samarbeid med regionale næringsforeiningar og har m.a. arrangert frokostmøte, gründercamp og idéutviklingsseminar.

HiT har også i 2009 hatt gode resultat knytte til sine studentbedrifter. I 2009 blei det etablert totalt 14 studentbedrifter. Det resulterte m.a. i at studentbedrifta Innovator SB vann både den norske Ferd-prisen i NM og prisen for Europas mest innovative forretningsidé i EM i 2009, i tillegg til at HiTs studentbedrifter oppnådde ei rad andre utmerkingar.

Høgskolen har i samarbeid med Handelshøyskolen BI planlagt og utvikla eit vidareutdanningstilbod innan produksjonsleiing med oppstart i mars 2010. Dette er eit resultat av tett samarbeid med industrien i Grenland.

Høgskolen har i 2009 vidareført satsinga på nettbaserte studium. Ei eiga arbeidsgruppe leverte sin rapport i juni 2009. Styret vedtok at e-læring skal vere eit satsingsområde ved høgskolen. Det blei òg bestemt at det skal utarbeidast ein handlingsplan for e-læring ved høgskolen for perioden 2010-2014.

Vurdering av korleis høgskolen legg til rette for at forskingsresultat og anna fagleg verksemd blir godt tilgjengeleg for ålmenta og samfunnet.

Gjennom Telemark Open Research Archive (TEORA) blir det meste av forskingsresultat og faglege arbeid, inkludert masteroppgåver, gjort tilgjengeleg på nett. TEORA omfattar også forskingsarbeid frå andre

forskingstiljø i Telemark. Talet på tilgjengelege arbeid aukar jamt, og frå høgskolen si side var det ved årsskiftet publisert om lag 480 faglege arbeid i TEORA.

Høgskolen er i gang med ei større omlegging og brukarorientering av nettsidene. Basert på ei grundig behovsundersøking i prioriterte målgrupper er eitt av hovudmåla å gjere den faglege aktiviteten i høgskolen langt meir tilgjengeleg via nettet. Dette omfattar også utfyllande informasjon om FoU-arbeid og publikasjonar. Informasjonsstrukturen for desse nettsidene er no fastlagt, og produksjonen av innhald og tenester er i gang. Saman med dei andre nettsidene for høgskolen blir nettsidene om den faglege aktiviteten lansert våren 2010.

Formidling via konsertar og utstillingar, anten i høgskolen sin eigen regi, eller med medverkande frå høgskolen sitt personale, har jamt og godt omfang.

Forskingdagane saman med andre forskings- og formidlingsmiljø i Telemark har gjennom mange år vore ei av høgskolen sine hovudsatsingar for allmenn formidling av forskning og stimulering av interessa for forskinga. I 2009 var aktiviteten på ny rekordhøg med over 2000 besøkjande til dei mange arrangementa. Dette er om lag 400 fleire enn rekorden frå året før. Ein endå større del av publikum blir dessutan nådd via pressa og anna mediedekning av forskingsdagsarrangementa eller via enkeltprosjekta. Her var òg omfanget rekordstort. Satsinga på forskingsdagane vil ha same prioritet også i 2010.

Gjere greie for arbeidet med å auke dei eksternt finansierte inntektene.

Høgskolen har samarbeidsavtalar med fleire sentrale aktørar i Telemark. Ein viktig ny samarbeidsavtale er etablert med Skagerak Energi. Dette er ein langsiktig avtale (5-årig) som omfattar både utdanning og forskning, og der det følgjer med ressursar både til utvikling av nye valemne og til ei ny professor II-stilling. Avtalen gjev òg grunnlag for å søkje midlar frå Forskingsrådet og andre finansieringskjelder for forskning.

Høgskolen har hatt eit utstrekt samarbeid med fylkesmenn, barnehageeigarar og skoleeigarar med tanke på å dekkje behov for førskolelærarar, allmennlærarar og etter-/vidareutdanning av desse. Samarbeidet held fram og gir gode resultat.

EFL har satsa sterkt på å promotere fagpersonalet sin gode kompetanse bl.a. innan pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagen. Oppdragsverksemda innan dette fagområdet har auka, m.a. gjennom samarbeidsavtalar om etter- og vidareutdanning med fylkesmennene i Buskerud, Vestfold og Telemark, Drammen kommune og Kongsbergregionen.

Vidare har avdelinga si satsing på å få undervisningsoppdrag resultert i to store prosjekt innan ”Lesing i alle fag”, eitt for lærarar i 9 kommunar i Buskerud, Vestfold og Telemark og eitt for lærarar i kommunane Øvre Eiker, Nedre Eiker og Tokke. Høgskolen har òg etter søknad fått tildelt 30 studieplassar til vidareutdanning i lesing.

HS har valt å konsentrere seg om to område: ”Omsorgsplan 2015” og ”Barn og ungdom”. Med ei brei satsing på desse områda vil avdelinga ha eit godt grunnlag for å kanalisere kunnskap og forskning over i kurs- og oppdragsverksemd.

I samarbeid med Universitet i Agder har avdelinga oppretta Senter for omsorgsforskning – Sør, primært for å styrkje praksisnær forskning innan omsorgsfeltet. Mykje kan tyde på at kommunesektoren har stort behov for kompetanseheving i form av kurs på dette området.

Formidling

Verksemdsmål 3.1

Høgskolen i Telemark skal gjennom formidling og deltaking i offentlig debatt tilføre samfunnet resultatene frå FoU-verksemda.

Kvantitativt styringsparameter:

Eigendefinert: Talet på formidling av fagleg, populærvitskapleg karakter skal aukast frå 47 til 50.

Formidling av fagleg, populærvitskapleg karakter var i 2009 på 49, som er ein svak auke frå 2008, då talet var 47.

HiT arbeider aktivt med å auke formidling og populærvitskaplege innslag i presse og andre medium. Forskningsdagane er eit viktig verkemiddel i så måte, i tillegg til arrangementet Open Dør. I mange samanhengar tar HiT direkte kontakt med media for å synleggjere aktuelle saker.

Nokre avdelingar har systematisert satsinga på formidling, og følgjer dette opp aktivt internt i leiargrupper og medarbeidersamtale med meir. Dette vil venteleg gje effektar på lengre sikt.

Interessa for allment retta publisering og formidling blir stimulert gjennom intern spreiding av daglege presse- og medieklipp om høgskolen frå ei av nettovervakingstenestene (Meltwater News).

Innovasjon og verdiskaping

Verksemdsmål 3.2

Høgskolen i Telemark skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom innovasjon og verdiskaping.

Kvantitative styringsparametrar	Resultat				Resultatmål 2009	Ambisjonsnivå 2010
	2006	2007	2008	2009		
Omfang av bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet*	11 773	15 193	10 921	8 781	21 000	9 000
Mottekne forretningsidéar	-	1	1	0	2	2
Mottekne forretningsidéar som har resultert i oppretting av selskap	0	1	1	0	1	1
Styringsparameter fastsett av høgskolen						
Resultat av bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd	72 000	389 456	291 399	818 000	350 000	500 000

*Frå og med 2009 er inntekter frå betalingskurs og frå andre statlege etatar ikkje medrekna i BOA. HiT nyttar tal som kjem fram i note 1 under linene *Sum inntekt fra annen bidragsfinansiert aktivitet* og *Sum inntekt fra oppdragsfinansiert aktivitet*. HiT kjenner ikkje igjen tala som kjem fram i KDs styringsportal.

HiT har eit omfattande samarbeid med relevante aktørar i regionen der siktemålet er innovasjon og felles verdiskaping, og høgskolen meiner å ha ei tilfredsstillande måloppnåing for dette verksemdsmålet i 2009 sjølv om kommersialiseringmåla ikkje blei nådde. Høgskolen er involvert i fleire sentrale regionale organ der innovasjon og verdiskaping er hovudfokus (m.a. IKT Grenland, Vekst i Grenland og Industricluster

Grenland), i tillegg til eit utstrekt samarbeid med Telemark fylkeskommune. Høgskolen har i tillegg vore sentral i samband med etablering av nye fora – m.a. HMS Forum Grenland og Lean Forum Telemark.

Høgskolen arrangerte ”Karrieredagar” ved dei tre studiestadene Porsgrunn, Notodden og Bø med god deltaking frå næringslivet. Tilskipinga hjelper til å førebu studentar, særleg avgangsstudentar, på overgangen til arbeidslivet, og gjev arbeidsgjevarar og studentar høve til å møtast. Høgskolen hadde òg ulike arrangement under Forskingsdagane.

Følgjande tabell syner utvikling i omfang og resultat av den eksternt finansierte verksemda i perioden 2005-2009:

År	Avrekning inntekter frå BOA	Avrekning inntekter frå betalingskurs	Tal i mill. kroner	
			Samla omfang	Resultat
2005			15,6	0,539
2006			11,8	0,072
2007			15,8	0,389
2008			18,2	0,291
2009	14,6	6,4	21,0	0,818

Talet på 14,6 mill. kroner omfattar òg bidragsfinansierte aktivitet medrekna inntekter frå statlege etatar. Om desse inntektene blir trekte frå, blir talet 8,8 mill. kroner.

Frå og med 2009 er betalingskurs skilde ut frå BOA-aktiviteten etter nye rekneskapsmessige føringar frå KD. Inntekter frå betalingskurs er likevel synleggjorde i 2009 for å kunne samanlikne utviklinga over tid. Omfanget samla sett blei noko større i 2009 enn i 2008. Resultatet er samstundes òg noko høgare i 2009 enn resultatet i 2008 og resultatmålet på kr 350 000 i 2009.

Sektormål 4

Universitet og høgskolar skal organisere og drive verksemda si på ein slik måte at samfunnsoppdraget blir stetta best mogleg innanfor ramma av disponible ressursar.

Kvalitative styringsparametrar

Vurdere korleis strategiske val i økonomisk prioritering og rekruttering underbyggjer faglege ambisjonar innan forskning og utdanning.

I tillegg til budsjettfordeling for 2009 utarbeidde høgskolen i 2009 òg eit eige langtidsbudsjett for perioden 2010–2013. Slik økonomiregelverket i staten er utforma, kan styret ikkje vedta konkrete budsjett for perioden 2010–2013. Styret har difor teke saka til orientering.

Langtidsbudsjettet blei styrebehandla 18. desember 2008, og er eit viktig verkty som m.a. skal bidra til å gje høgskolen:

- Eit grunnlag for langsiktige prioriteringar, og kunnskap om kva slike prioriteringar vil innebere økonomisk.
- Eit grunnlag for å vurdere status for opptrappingsplanen for universitetssatsinga og realismen i den vidare satsinga basert på økonomiske analysar.

Innan utdanning har høgskolen lagt seg på eit prinsipp om at avdelingane samla sett får ein relativt lik prosentvis del av HiTs totale årlege løyving frå KD som ei grunnløyving før ulike tiltak blir prioriterte. Dette

er for å sikre at utdanningskvaliteten ligg på eit tilfredsstillande nivå over tid, slik at m.a. universitetssetinga ikkje skal redusere kvaliteten på den utdanninga høgskolen gjev i eksisterande studieprogram.

Når det gjeld prioritering av FoU-ressursar, blir det vist til omtale under sektormål 2.

Styret har òg vedteke å opprette eit eige FoU-utval som skal vere eit rådgjevande organ for styret og høgskoleleiinga når det gjeld FoU-strategi. Utvalet skal vere ein aktiv og koordinerande pådrivar for FoU-arbeidet i høgskolen. Utvalet starta arbeidet sitt i 2009, og det er prioritert ressursar til dette både i 2009, 2010 og utover i langtidsperioden fram til 2015.

Talet på publikasjonspoeng gjekk vesentleg ned frå 2007 til 2008, men auka noko frå 2008 til 2009. Utviklinga på dette området har blitt nærare analysert i 2009, og det er m.a. sett nærare på ei differensiering av tid til forskning. For 2010 har høgskolen òg prioritert ressursar for å dekkje avgifter for å publisere i Open Access-tidsskrift som eit tiltak for å auke talet på publikasjonspoeng knytt til slik publisering.

Innan forskning set høgskolen i tillegg av økonomiske ressursar til tiltak som FoU-permisjonar, forskingsdagar, stimuleringsmidlar for BOA, regional FoU og innovasjon (VRI), og mellombels ordning for små driftsmidlar frå Forskningsrådet (høgskolen set av 60 %, mot å få 40 % frå Forskningsrådet). Økonomiske ressursar til desse tiltaka låg i 2009 på om lag same nivå som tidlegare år.

Når det gjeld rekruttering, blir det lagt særleg vekt på å sikre høg og relevant undervisnings- og forskingskompetanse på fagleg strategiske satsingsområde som grunnskolelærerutdanningane, mastergradsstudium og doktorgradsstudium og på område som nyleg har vore evaluerte av NOKUT (ingeniørutdanning).

Vurdere korleis administrasjon og organisasjon er tilpassa strategiske faglege prioriteringar.

Styret vedtok i 2009 at det skal gjennomførast ei evaluering av organisering, styring og leiing i høgskolen. Evalueringa skal ha som siktemål å:

- avklare om valde ordningar for organisering, styring og leiing i høgskolen er føremålstenlege med tanke på å realisere mål fastsette av overordna mynde og av styret,
- finne fram til eventuelle veikskapar ved eller utilsikta verknader av valde ordningar,
- tilrå konkrete tiltak og utviklingslinjer.

Med grunnlag i denne evalueringa vil det bli gjort ein gjennomgang av administrasjonsordninga i høgskolen med sikte på at administrasjonen kan tilpassast eventuelle nye ordningar for organisering, styring og leiing.

Det kan elles nemnast at høgskoledirektørane tok initiativ til benchmarking av administrative tenester i UH-sektoren i 2009. Med grunnlag i ei rekkje viktige indikatorar blei HiT rangert på tredje plass mellom 18 institusjonar når det gjeld effektivitet innan administrasjonen.

Nemnast bør det òg at styret ved kvar årleg budsjettfordeling fastset stillingsrammer for dei enkelte driftseiningane i høgskolen og vurderer dimensjonering av administrasjonen opp mot fagleg strategiske prioriteringar i den samanhengen.

Gjere greie for styreforankring av viktige strategiske og operative avgjerder.

Styret har merka seg tilbakemelding frå etatsstyringsmøtet i KD 29. april 2009 m.a. om hovudambisjonen om å bli universitet innan 2013, om strategiarbeidet, om gjennomgangen av studieporteføljen, om grunnskolelærerutdanninga, og om styrking av tildelinga til HiT av forskingsmidlar frå Noregs forskingsråd og EU-systemet, av publiseringsaktiviteten, og av bidrags- og oppdragsaktiviteten (BOA).

Universitetssatsinga

I fleire møte i 2009 drøfta styret universitetsambisjonane, m.a. på styreseminar og i eiga styresak i Bodø 26.–27. mars 2009, og i eiga styresak på styremøte 7. mai 2009. Styret legg framleis til grunn at universitetsfunksjonar skal utviklast vidare i høgskolen, men siktemålet er no universitetsetablering innan 2016. På styremøte 24. september 2009 fastsette styret eigen prosjektplan for finansiering og forankring av universitetssatsinga med klare milepelar. Innan 1. juni 2010 skal det liggje føre ein modell for finansiering av meir-kostnadene i oppstartfasen av universitetssatsinga (fram til 2018) som det er semje om regionalt, førebels stipulert til 90 mill. kroner. Innan 1. januar 2011 skal eit etableringsfond på 40 mill. kroner (ca. 50 % av etableringskostnaden) vere operativt. Av prosjektplanen går det òg fram at styret inntil vidare har vedteke å halde ope spørsmålet om eventuell fusjon med ein eller fleire naboinstitusjonar. I planen strekar styret elles under at sjølv om spørsmålet om fusjon er uavklart, er det likevel viktig å halde fram arbeidet med kompetanseoppbygging i høgskolen. Styret strekar vidare under at noverande studiestadstruktur skal liggje fast til 2014, men meiner at diskusjonen om dette spørsmålet er viktig og bør følgje som ein konsekvens av definerte faglege og organisatoriske mål for høgskolen. Desse måla er tenkt definerte i det pågåande arbeidet med strategisk plan og evalueringa av HiTs organisering, styring og leiing.

Strategiarbeidet

I inneverande funksjonsperiode (frå 01.08.07) har styret så langt lagt stor vekt på strategisk arbeid. Sentralt har stått tema som rullering av strategisk plan for perioden 2005-2009, arbeid med ny strategisk plan for perioden 2009-2014, arbeid med utviklingslinjer for høgskolen dei næraste åra og institusjonelt nettverks-samarbeid. Styret har her hatt merksemd retta mot fagleg profilering, studiestadutvikling, universitets-etablering, fastsetjing av studieprogram og resultatkrav, intern evaluering av HiTs nosituasjon, samarbeid mellom avdelingane internt i høgskolen, og internt og eksternt samarbeid med val av Universitetet i Agder som hovudsamarbeidspart dei næraste åra.

Styret har utsett noko av arbeidet med ny strategisk plan for perioden 2010-2014. Dette skuldast m.a. at styret har sett det som ønskeleg først å få avklart kva rolle HiT skal ha i arbeidet med dei nye grunnskolelærer-utdanningane. Når KD no har avklart dette spørsmålet, vil arbeidet bli slutført i 2010. Styret har lagt ein del føringar for arbeidet i eiga styresak 27. mars 2009, m.a. at omsynet til HiTs hovudstrategiar og behovet for omstilling og endring skal vektleggast i det vidare arbeidet med studieporteføljen.

Gjennomgang av studieporteføljen og grunnskolelærerutdanninga

Gjennomgangen av studieporteføljen har vore behandla i eigne styresaker 27. mars og 18. juni 2009, der styret har lagt føringar for arbeidet. I tillegg kjem eiga styresak om fastsetjing av studieporteføljen for studieåret 2010-2011 med opptaksmåltal og resultatkrav for 2010.

Styret har utsett noko av arbeidet med den pågåande studieporteføljegjennomgangen. Dette skuldast m.a. også at styret har sett det som ønskeleg først å få avklart kva rolle HiT skal ha i arbeidet med dei nye grunnskolelærerutdanningane. Arbeidet med studieporteføljen vil bli slutført i 2010.

Styrking av tildelinga til HiT av forskingsmidlar frå Noregs forskingsråd og EU-systemet, av publiseringsaktiviteten, og av BOA

Styret har fastsett strategiar og tiltak på områda der det er signalisert ønske om betring. Styret trur at resultatane på desse områda blir betre som følgje av m.a. etableringa av to forskingsklyngjer innan prosess-, energi- og automatiseringsteknikk og kultur- og kulturpolitikkforskning for å skape meir robuste fagmiljø, fastsetjing av nye retningslinjer for BOA og gjennomgangen av det administrative støtteapparatet på dette området, og etableringa av eit eige FoU-utval leia av rektor med sterkare fokus på den fagleg-vitskaplege forskingsleiinga. Styret har elles merka seg at publiseringsaktiviteten har blitt grundig kartlagt i høgskolen i 2009 og at FoU-utvalet har vurdert på nytt tilgjengelege verkemiddel for å auke denne aktiviteten. Styret trur òg at eit godt besøkt internt seminar hausten 2009 om EU-forskning med brei og kompetent deltaking frå Noregs forskingsråd på sikt vil stimulere og fremje aktiviteten også på dette området.

Vurdere høgskolens oppfølging av gjeldande regelverk for offentlege innkjøp og forvaltning av bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet.

Høgskolen meiner å ha god kontroll med dei store innkjøpa. Talet på kunngjeringar er lågt, og i 2009 kunngjorde høgskolen berre fire konkurransar. Fakturasystemet Contempus Invoice gjev god kontroll med fakturaene.

Høgskolen har revidert gjeldande retningslinjer og rutinar knytte til innkjøp. Desse blei behandla i styremøtet 26.11.09. Høgskolen har byrja innføringa av bestillingssystemet Proceedo i 2009. Dette vil halde fram i 2010. Det er både tidkrevjande og teknisk utfordrande å få dette verktøyet implementert. Høgskolen har ikkje teke i bruk konkurransegjennomføringsverktøyet KGV i 2009. Dette er planlagt innført i 2010, og vil kunne medverke ytterlegare til å betre gjennomføringa av større innkjøp.

Styret fastsette nye retningslinjer for bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet basert på nytt regelverk frå KD i 2008. Høgskolen har hatt fokus på forvaltninga av dette i 2009, m.a. har høgskolen vore oppteken av at formålet er definert og forankra før oppstart av nye prosjekt. Det er framleis rom for betringar på dette området, og høgskolen vurderer å innføre prosjektstyringsverktøyet Artemis frå hausten 2010/våren 2011. Endeleg avgjerd om dette er ikkje fatta.

Vurdere høgskolen si oppfølging av internkontroll, ref. reglement for økonomistyring i staten § 14 – relatert både til system og kvalitetsrutinar.

Styret meiner at eigen internkontroll er tilfredsstillande, men at det framleis er rom for betringar.

Driftseiningane i høgskolen held seg i all hovudsak innanfor dei økonomiske rammene som til kvar tid gjeld. Rammene blir følgde opp ved jamleg statusgjennomgang ved driftseiningane, og institusjonen utarbeider økonomiske statusrapportar som blir styrebehandla saman med tertialrapportane. Det blir lagt vekt på prognose per 31.12. Ordninga med at styret fastset stillingsrammer for driftseiningane, medverkar òg til å sikre kontroll over lønskostnadene. Høgskoleleiinga har gjennomført møte med to av avdelingane i 2009 for å syte for at drifta ved avdelingane blir tilpassa dei økonomiske rammevilkåra. Det har blitt sett i verk tiltak som følgje av desse møta.

Styret er godt nøgd med system og rutinar for måloppnåing og resultatoppfølging. Det er likevel rom for betringar i oppfølginga av mål- og resultatkrav, og høgskolen arbeider aktivt med dette. I 2010 vil det bli arbeid vidare med ei vurdering av om høgskolen skal innføre eit databasert leiings- og styringsverktøy.

System og rutinar knytte til rekneskap og informasjon om resultat er tilfredsstillande. Den same vurderinga gjeld òg systema som skal sikre at verksemda sine verdiar blir forvalta på ein forsvarleg måte, at ressursbruken er effektiv, og at økonomistyringa er organisert på ein tilfredsstillande måte.

Det blir arbeid jamleg med å betre system og rutinar knytte til førebygging og avdekking av økonomisk kriminalitet. Økonomiseksjonen har arbeid med dette i 2009, og har m.a. prioritert kontroll av utbetalingsunderlag. Det vil bli arbeid vidare med dette også i 2010.

Eigendefinert kvalitativt styringsparameter

HiT skal følgje opp medarbeidarundersøkinga som blei gjennomført hausten 2008

HiT gjennomførte hausten 2008 ei medarbeidarundersøking. Rapportane frå denne undersøkinga har vore utgangspunkt for eit oppfølgingsarbeid i dei ulike organisasjonseiningane i høgskolen. Det har kome fram mange gode idéar til betringstiltak. Desse har vinteren og våren 2009 blitt systematiserte i tiltaksplanar for kvar organisasjonseining. Arbeidet med å gjennomføre tiltaksplanane starta så snart planane var klare, og vil halde fram utover i 2010. Hausten 2010 er det planlagt å gjennomføre ei ny medarbeidarundersøking. Det er

no lagt opp til ein toårig syklus slik at det skal gjennomførast ei undersøking annankvar haust med etterfølgjande betringsarbeid i perioden fram til neste undersøking. På den måten vil høgskolen ha eit kontinuerleg fokus på arbeidsmiljø og leiing.

Verksemdsmål 4.1

Høgskolen i Telemark skal sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane.

Kvantitative styringsparametrar	Resultat				Resultatmål 2009	Ambisjonsnivå 2010
	2006	2007	2008	2009		
Driftsutgifter per produsert 60-studiepoengseining	124	123	130	127,5	121	129
Driftsutgifter per publikasjonspoeng	8 300	6 286	12 479	9 230	6,5 mill	9,0 mill
Høvetalet mellom vitskapleg og administrativt tilsette*	2,40	2,31	2,39	2,27	2,27	2,35
Styringsparametrar fastsette av høgskolen						
Prosentdel kostnader til løn av totale kostnader skal haldast på noverande nivå (61 %).	60,47	61,27	60,73	62,58	61,0	63,0
Kostnader per eigenfinansiert heiltidsekvivalent korrigert for løns- og prisvekst skal ikkje vere over kr 99 000.	98 012	97 755	98 154	93 848	<99 000	99 000
Areal per eigenfinansiert student skal ikkje vere over 14 m ²	16,62	16,39	14,3	12,8	<14	<14,0

*Frå og med 2009 er definisjonen av dette styringsparameteret endra slik at det som tidlegare var høvetalet mellom undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og talet på alle tilsette, no er endra til høvetalet mellom vitskapleg tilsette (inkludert bibliotekstilsette og ingeniørar) og administrativt tilsette (inkludert driftspersonalet).

HiT meiner at dette verksemdsmålet må seiast å vere nådd på dei mest vesentlege områda.

Den interne budsjettfordelingsmodellen i høgskolen blei revidert i 2008. Det blei ikkje funne grunn til å gjere vesentlege endringar. Styret meiner at budsjettfordelingsmodellen i hovudsak må kunne seiast å ivareta strategiske prioriteringar på ein god måte.

Budsjettprosessen for 2009 blir oppfatta som god. Med utgangspunkt i St.prp. nr. 1 (2008-2009) blei det utarbeidd førebelse rammer til driftseiningane. Deretter blei det gjennomført eit plan- og budsjettseminar for å gå gjennom rammer og konsekvensar. Etter seminaret blei det utarbeidd eit budsjettfordelingsframlegg som blei sendt på høyring til driftseiningane. Justert framlegg til budsjettfordeling for 2010 blei fremja på styremøtet 18. desember 2008.

Høgskolen har sett i verk tiltak for å betre budsjettoppfølgingsprosessen. Det er m.a. stilt krav til at økonomisk status skal vere fast punkt på dagsorden i månadlege leiarmøte ved driftseiningane, og at nye tildelingar skal leggast inn og periodiserast i rekneskapssystemet Agresso snarast mogleg og seinast innan 10 dagar etter at tildelingane er mottekne. Høgskolen har i 2009 i tillegg utarbeidd ein eigen mal som blei nytta av driftseiningane i økonomirapportering til styret knytt til tertialavslutning for 2. tertial 2009 og årsavslutning for 2009. Høgskolen vil òg sjå på budsjetteringa av interne inntekter i prosjekta i 2010.

Styret har i 2009 òg vedteke ei ny ordning for fordeling og oppfølging av midlar til stipendiatstillingar. Ordninga skal m.a. medverke til at midlane kjem raskare i sirkulasjon.

Høgskolen held på med ein gjennomgang av heile studieporteføljen. Som ein del av gjennomgangen er det utarbeidd lønsemdsutrekningar for kvart studieprogram. Styret meiner at slike utrekningar medverkar til å sikre god og effektiv forvaltning av ressursane, der m.a. studieprogram med dårleg lønsemd blir vurderte nærare for å betre lønsemda. Ein ser då både på innteks- og kostnadssida. Dette kan til dømes vere tiltak for å betre gjennomstrøyminga, ulike tiltak for å betre marknadsføringa, endring av innhald i studieprogram, høve til å gjennomføre fellesundervisning for fleire studieprogram innanfor eit emne, direkte kostnadsreducerande tiltak (m.a. reduksjon av timelærarbruk og reiseverksemd), oppretting av nye studieprogram og nedlegging av gamle. Styret ønskjer at dette arbeidet skal vidareførast, slik at oversyn over og oppfølging av lønsemda i studieporteføljen òg blir eit viktig verkty for å sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane over tid.

Nivået på avsetjingar har auka frå 31.12.08 til 31.12.09. Følgjande tabell syner utviklinga for perioden 2005-2009:

Tal i mill. kroner				
År	Avsetjing, ekskl. midlar frå Forskingsrådet og bidragsprosjekta	Avsetjing, midlar frå Forskingsrådet	Avsetjing, bidragsprosjekta	Totalt
2005				52,6
2006				49,9
2007				54,9
2008	36,5	3,3	4,8	44,6
2009	49,7	1,9	4,5	56,1

Førebels rekneskap for 2009 viser eit venta totalt mindreforbruk på 56,1 mill. kroner, og eit mindreforbruk eksklusiv avsetjingar knytt til Forskingsrådet og bidragsprosjekta på 49,7 mill. kroner. Dei totale avsetjingane er såleis auka med om lag 11,5 mill. kroner i 2009 i høve til 2008. KD har i brev av 14.01.10 endra prinsippet for avrekning av bidragsprosjekt. Denne endringa er av teknisk karakter, og medfører at avsetningsnivået aukar med ytterlegare 0,7 mill. kroner. Totalt sett viser difor rekneskapen auka avsetning på 12,2 mill. kroner frå 2008 til 2009. Auken i totale avsetjingar er omtala nærare under verksemdsmål 4.3.

Når det gjeld omfanget av bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd, blir det vist til verksemdsmål 3.2.

Høgskolen hadde per 31.12.09 ein verksemdskapital på kr 3 127 483 før resultatet frå 2009 er lagt til. Medrekna resultatet frå 2008 er verksemdskapitalen på kr 3 945 856. Høgskolen arbeider aktivt for å auke både eksternt finansiert verksemd og tildeling frå Forskingsrådet. Auka omfang på om lag 3 mill. kroner frå 2008 til 2009 er positivt, og høgskolen vil arbeide vidare med å auke omfanget i 2010. Styret har fastsett strategiar og tiltak for å få til dette, m.a. ved etablering av to forskingsklyngjer (innan prosess-, energi- og automatiseringsteknikk og kultur- og kulturpolitikkforskning).

Høgskolen meiner at løyvinga i 2009 er disponert i samsvar med strategiske føringar og politiske styringssignal.

Driftsutgifter per produsert 60-studiepoengseining korrigert for løns- og prisvekst var om lag kr 115 000 i 2009 mot om lag kr 120 000 i 2008. Høgskolen nyttar SSBs konsumprisindeks med 2004-kroner som korreksjonsgrunnlag for løns- og prisvekst. Driftsutgifter per produsert 60-studiepoengseining utan løns- og prisvekst gjekk tilsvarande ned frå kr 130 000 til kr 127 500 med kr 129 000 som snitt for statlege høgskolar. Høgskolen er godt nøgd med at talet på 60-studiepoengseiningar aukar relativt meir enn driftsutgiftene, og at resultatet for 2009 var betre enn måлтаlet.

Driftsutgifter per publikasjonspoeng blei om lag 9,9 mill. kroner. Det store avviket skuldast at målet var å produsere minst 75 publikasjonspoeng, medan faktisk produksjon berre blei ca. 55.

I 2010 vil høgskolen nytte DBH sin definisjon for høvetalet mellom vitskapleg og administrativt tilsette. Det vil seie at høvetalet blir snudd om frå å vise del vitskapeleg til å vise del administrativt tilsette.

Prosentdel kostnader til løn av totale kostnader blei 62,6 %. Dette er noko høgare enn målet på 61 % for 2009, og om lag 2 % høgare enn i 2008. Auken i pensjonssatsen frå 10,41 i 2008 til 12,28 i 2009, og den generelle høge lønsauken i 2008 med verknad også for 2009 og utover, er dei vesentlegaste grunnane til dette. I tillegg fører universitetsinga, med oppbygginga av doktorgradsstudium og mastergradsstudium, dessutan til tilsetjing av fleire medarbeidarar som med sin toppfaglege kompetanse påfører høgskolen auka lønskostnader. Pensjonskostnadene åleine har auka med om lag 6,1 mill. kroner frå 2008 til 2009. Ein uendra pensjonssats ville ha gitt eit resultat på om lag 61,4 %. Auka pensjonssats er med andre ord hovudårsak til auka lønsdel. Høgskolen følgjer utviklinga nøyte framover, slik at handlingsrommet ikkje blir redusert i vesentleg grad.

Kostnader per eigenfinansiert heiltidsekvivalent korrigert for løns- og prisvekst blei om lag kr 94 000 i 2009, mot om lag kr 98 000 i 2008. Høgskolen er godt nøgd med at talet på eigenfinansierte heiltidsekvivalantar aukar relativt meir enn dei totale driftsutgiftene, og at resultatet for 2009 var betre enn måлтаlet.

Areal per eigenfinansiert student blei 12,8 m² i 2009, noko som er under måлтаlet på 14 m². Talet på studentar ved høgskolen har auka dei seinare åra. Samstundes har høgskolen redusert tilgjengeleg areal, m.a. ved å seie opp leigeavtala for Lia-bygget i Bø og å leige ut bygg D på Notodden. I Porsgrunn har høgskolen behov for å auke arealet. Det blir vist til nærare omtale av dette under *Anna rapportering*.

Verksemdsmål 4.2

Høgskolen i Telemark skal gjennom personalpolitikken sin medverke til eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.

Kvantitative styringsparametrar	Resultat				Resultatmål	Ambisjonsnivå
	2006	2007	2008	2009	2009	2010
Del førstestillingar av det totale talet på undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar	0,35	0,36	0,36	0,38	0,37	0,40
Del av kvinner totalt	0,48	0,50	0,52	0,51	Ikkje eige resultatmål	
Del kvinner i faglege stillingar etter stillingskategori	0,43	0,44	0,48	0,46	Ikkje eige resultatmål	
<ul style="list-style-type: none"> • professor • høgskoledosent • førsteamanuensis • førstelektor • høgskolelektor • amanuensis • høgskolelærer 	0,27 0	0,19 0	0,23 0	0,17 0,50		
<ul style="list-style-type: none"> • førsteamanuensis • førstelektor • høgskolelektor • amanuensis • høgskolelærer 	0,29 0,34 0,51 0,14 0,65	0,33 0,27 0,54 0,17 0,61	0,35 0,29 0,56 0,20 0,64	0,31 0,36 0,54 0,28 0,62		
Styringsparametrar fastsette av høgskolen						
Del kvinner i leiarstillingar	0,32	0,34	0,34	0,39	0,40	0,40
Del av kvinner i førstestillingar	0,28	0,28	0,30	0,29	0,32	0,32

Som det går fram, har prosentdelen første- og toppstillingar av det totale talet på undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar vore relativt stabilt sidan 2006, men med ein jamn auke på 2 prosentpoeng. Særleg med tanke på universitetsambisjonane til høgskolen er det eit mål å auke prosentdelen første- og toppstillingar. Med bakgrunn i dette hadde høgskolen som mål å auke denne prosentdelen til minst 37 % i 2009. Resultattalet for 2008 er korrigert i ettertid av di stipendiatstillingane ikkje var inkluderte. Talet for 2009 viser ein auke på 2 % frå året før. Målet om å auke til 37 % er i så måte nådd.

Høgskolen har framleis for få tilsette i første- og toppstillingar i høve til det som er ønskeleg, og ligg godt under snittet for statlege høgskolar (0,47). Det vil difor bli satsa ytterlegare på å auke talet på tilsette i desse stillingskategoriane, dels ved ekstern rekruttering og dels ved intern rekruttering gjennom mellom anna eit eige program for kvalifisering til førstelektoropprykk som er etablert ved høgskolen.

Prosentdelen kvinner totalt i høgskolen er ganske stabil. I åra 2006-2008 auka den frå 48 % til 52 %. I 2009 gjekk prosentdelen marginalt ned til 51 %. Prosentdelen kvinner i dei faglege stillingsgruppene er òg ganske stabil. Den auka frå 43 % i 2006 til 46 % i 2008. I 2009 er det ein svak nedgang til 46 %. Den same utviklinga er det for første- og toppstillingar. Her er tala for perioden 2006-2009 28 %, 28 %, 30 % og 29 %. Målet om 32 % i 2009 er ikkje nådd.

Det er noko nedgang i prosentdelen kvinner i professorstillingar. Det totale talet på professorstillingar ved høgskolen har auka frå 29 til 31. Det har skjedd ved nyttilsetjing av to menn pluss at ein mann har fått opprykk til professor etter kompetanse. Samstundes har ein kvinneleg professor sagt opp stillinga si og slutta. Det må her leggjast til at det er vanskeleg å rekruttere til professorat.

Prosentdelen kvinner i førstelektorgruppa har auka frå 29 % i 2009 til 36 % i 2009. Det er i betydeleg grad eit resultat av ei intern ordning for kvalifisering til førstelektoropprykk. Hovuddelen av dei som nyttar denne ordninga, er kvinner.

Prosentdelen kvinner i leiarstillingar har auka frå 34 % til 39 % frå 2008 til 2009. Høgskolen er då svært nær ved å nå målet om minst 40 % kvinner i leiarstillingar. Denne gruppa er relativt lita. Ei leiarstilling vil utgjere ei endring på fleire prosentpoeng. Mange leiarar i høgskolen er tilsette i åremålsstillingar for perioden 2007-2011. Det vil av den grunn vere størst sjanse for endringar i prosentdelen kvinner ved nyttilsetjing i åremålsstillingane som kjem i 2011.

Styret vedtok hausten 2008 ein ny handlingsplan for likestilling. Denne har ikkje minst fokus på vitskaplege første- og toppstillingar og på leiarstillingar. Med utgangspunkt i denne handlingsplanen er det sett i verk fleire tiltak for å auke kvinndelen i desse stillingskategoriane. Det er grunn til å tru at resultat av desse tiltaka mest vil kome om nokre år.

Økonomiforvaltning

Verksemdsmål 4.3

Høgskolen i Telemark skal syte for høg kvalitet i økonomiforvaltninga med fokus på god intern kontroll og effektiv ressursforvaltning som tek omsyn til dei strategiske prioriteringane til institusjonen.

Kvantitative styringsparametrar	Resultat				Resultatmål 2009	Ambisjonsnivå 2010
	2006	2007	2008	2009		
Likviditetsgraden (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld)	-	1,77	1,65	1,85	1,85	1,85
Avrekningar (tilgang/avgang i avsetjingar)	- 2,73	5,02	- 10,30	12,2*	- 4	- 4

Styringsparametrar fastsette av høgskolen						
Det skal ikkje kome vesentlege negative merknader frå Riksrevisjonen	0	0	0	0	0	0

* Talet gjeld summen av ordinære avsetjingar på 11,5 mill. kroner og 0,7 mill. kroner som følgje av teknisk endring i avrekning av bidragsprosjekt.

HiT meiner dette verksemdsmålet er oppfylt.

Likviditetsgraden blei 1,85. Avviket blir oppfatta som marginalt og blir ikkje omtala vidare.

Avrekningane auka med om lag 5 mill. kroner frå 2006 til 2007, medan dei gjekk ned med om lag 10,3 mill. kroner frå 2007 til 2008. Hovudårsaka til dette var disponering av midlar frå høgskolen sitt utbyggingsfond til ombygging av bygningsmassen i Porsgrunn. Ombygginga er no ferdigstilt. Hovuddelen av ombyggingskostnadene blei betalt i 2008, og dette var hovudgrunnen til at avrekningane gjekk ned i 2008. Dei rekneskapsmessige resultatata for 2007 og 2008 var såleis om lag som høgskolen venta.

Avrekningane auka med totalt 12,2 mill. kroner frå 2008 til 2009, medan høgskolen i byrjinga av 2009, då måltala blei sette, venta ein nedgang på om lag 4 mill. kroner. Auken i mindreforbruket frå 2008 til 2009 skuldast i hovudsak to tilhøve. For det første medverka Regjeringa sine tilleggsøyvingar til statsbudsjettet for 2009 til å betre den økonomiske situasjonen. Tilleggsøyvingane medførte såleis at mindreforbruket per 31.12.09 blei høgare enn ein venta i byrjinga av året.

For det andre har HiT motteke vesentleg meir øyremerkte midlar i 2009 enn i 2008, til dømes midlar knytte til Rettleiing av nyutdanna lærarar, Pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagen og Arbeidsrelatert førskolelærarutdanning. Ein vesentleg del av desse midlane, om lag 8,3 mill. kroner, blei ikkje nytta i 2009, og medverkar i sterk grad til å auke det totale avsetjingsnivået i 2009. Dei eksterne tildelingane bidreg til at det blei overført vesentlege beløp i form av refusjon av lønskostnader og indirekte kostnader. Avsetjingar knytte til øyremerkte tiltak var per 31.12.08 berre på om lag 1,8 mill. kroner, dvs. ein auke på om lag 6,5 mill. kroner frå 2008 til 2009. Dette var ikkje kjent i byrjinga av året.

I tillegg til desse to hovudårsakene til auka avsetjingar, blei det våren 2009 sett i verk tiltak for å redusere driftskostnadene ved enkelte driftseiningar i høgskolen som hadde utfordringar med å tilpasse aktivitetsnivået til eigne løyvingar. Tiltaka som blei sette i verk, har medverka til å redusere kostnadene og dermed også auka avsetjingane meir enn det som var planlagt i byrjinga av året.

Styret meiner at kvaliteten i økonomiforvaltninga er på eit tilfredsstillande nivå. HiT har ikkje fått vesentlege merknader frå Riksrevisjonen korkje i 2008 eller tidlegare år tilbake til 2003, etter overgangen til nytt rekneskapsprinsipp. Høgskolen hadde heller ingen avvik i KDs tilbakemeldingar knytte til rekneskapsavslutninga for 2. tertial 2009, jf. brev frå KD av 15.12.2008, ref. 200904122.

Hausten 2009 har høgskolen vurdert eigne retningslinjer knytte til meirverdiavgiftsregelverket, og praktiseringa av desse. Praktiseringa synest å vere rimeleg god, men det er likevel sett i verk tiltak for ytterlegare å sikre at dette regelverket blir følgd. Gjeldande interne retningslinjer er reviderte, og blir endra i januar 2010. Dei nye retningslinjene blir langt meir utfyllande og klargjerande enn dei gamle. Praktiseringa av meirverdiavgiftsregelverket har òg vore tema på eit internt økonomiforum for alle økonomimedarbeidarane i høgskolen.

Høgskolen sitt system for tidsregistrering og dokumentasjon ved utbetaling av overtidsgodtgjersle må kunne seiast å ha vore tilfredsstillande i 2009. Høgskolen krev m.a. full dokumentasjon i form av tidsregistrering for alle før utbetaling av overtidsgodtgjersle. Temaet har vore vektlagt i 2009, og høgskolen har merka at dette har hatt ein positiv effekt.

Høgskolen gjennomfører jamlege interne økonomiforumsmøte der alle driftseiningane deltek med sikte på å betre økonomiforvaltninga. I 2009 har ein tatt opp meirverdiavgiftsregelverket, oppfølging av stipendiatmidlar, handtering av utbetaling til utanlandske arbeidstakarar og til sjølvstendige næringsdrivande, sjukeløn, og budsjettering og prognostisering.

Anna rapportering

Rapport om styreforankring av risikostyring

Styret fastsette i desember 2007 at risikostyring skulle takast i bruk på grunnlag av det opplegget som var utarbeidd, og som m.a. bygde på rettleiingane frå Senter for statleg økonomistyring. Styret blei òg involvert i risikovurderingar av ein del sentrale mål i årsplanen for 2008. Arbeidet med å utvikle denne metodikken vidare har halde fram, særleg ved at styret i november 2008 fastsette høgskolen sin risikopolicy, ved at det er fastsett ein implementeringsplan som også omfattar innføring av risikostyring på avdelingsnivå, og ved at det er gjennomført intern opplæring i høgskolen. Styret godkjente Rapport og planar (2009-2010) i møte 25.02.10, herunder risikovurderingar, jf. vedlegg 1. Det har vore lagt vekt på samanhengen mellom rapporterte resultat for 2009 og risikovurderingar og plan for 2010. Nærare detaljar om risikopolicy, implementeringsplan og tidsplan er tilgjengeleg på høgskolen si nettside <http://www.hit.no/Om-HiT/Administrasjon/Risikostyring>.

Større investeringsprosjekt

HiT har planlagt eit større investeringsprosjekt. Dette gjeld auka areal ved studiestad Porsgrunn, og er tenkt gjennomført som eit kurantprosjekt i regi av Statsbygg der auka leigekostnader blir tekne innanfor eiga budsjettamme. Behov og målsetjing for investeringsprosjektet er kort omtala nedanfor, og vil bli utdjupa nærare i eigen ekspedisjon til KD.

Behov

Talet på studentar ved høgskolen sin studiestad i Porsgrunn har auka sterkt dei siste sju åra, frå 1 424 i 2002 til 2 282 registrerte studentar pr. 1. oktober 2009. Det er gjort arealeffektivisering og ombygging ved studiestaden fram til no for å handtere det aukande talet på studentar. Alt tidleg på 2000-talet blei det sett inn fleire pultar på enkelte rom. Frå 2003 til 2009 har talet på plassar i undervisningsrom auka med 49 % frå 1 436 til 2 140. Av dette skuldast 40 % auka tal på studentar i romma, 36 % ombygging, 6 % omdisponering av areal og 19 % leige av nye bygg (BI-auditoriet). Ombygging har skaffa 6 nye klasserom i perioden. Det er no knapt mogeleg med ytterlegare arealeffektivisering og ombygging ved studiestaden.

Høgskolen har på denne bakgrunnen sett ned ei arbeidsgruppe for å vurdere lokalsituasjonen i Porsgrunn. Arbeidsgruppa har laga ein prognose, ut frå ei vidareføring av noverande tilbod av studieprogram i Porsgrunn og med framskriving av studenttalet hausten 2009, som tilseier at talet på studentar vil auke frå 2 282 registrerte studentar pr. 1. oktober 2009 til minimum 2 700 registrerte studentar i 2015. Gruppa har vurdert konkrete bygningsmessige behov ut frå noverande situasjon og den venta studentveksten, og gjort kostnadsutrekningar knytte til dette. Samla utgjer behovet for nye areal om lag 2500 m², og omfattar eit stort auditorium, 40 grupperom, 2 store undervisningsrom, 2 møterom, 25 kontor, utviding av biblioteket og areal til servicetorg.

Arbeidsgruppa sin prognose er nøktern. Det er moment som talar for at studenttalet i Porsgrunn kan auke med meir enn dei 400 nye studentane arbeidsgruppa har lagt til grunn ved utrekninga av arealbehovet. Den faktiske gjennomsnittlege årlege auken i Porsgrunn har i perioden 2002 til 2009 vore på om lag 7 %. Ein tilsvarande vekst i åra framover gjev ein auke på om lag 1150 studentar fram mot 2015. For det andre viser St. meld. nr. 44 (2008-2009) Utdanningslinja at Noreg står framfor ein kraftig vekst i studenttalet dei komande åra. Prognosane for studentveksten er seinare nedjusterte, og det er no venta at veksten i studenttalet innan 2013 kan bli om lag 33 000. Ein enkel analyse basert på Telemarks del av Noregs totale folketal tilseier ein auke i Telemark på om lag 1 165 nye studentar totalt. Det er grunn til å tru at ein vesentleg del av veksten vil kome i Porsgrunn.

Målsetjing

Høgskolen vil fremje eit kurantprosjekt i regi av Statsbygg der auka leigekostnader blir tekne innanfor eiga budsjetttramme. Prosjektet vil omfatte nybygging av eit stort auditorium med eit bruttoareal på om lag 712 m², ein ny kontorfløy med eit bruttoareal på om lag 356 m², og om-/utbygging av biblioteket med eit bruttoareal på om lag 292 m². Prosjektet er førebels kostnadsrekna til om lag 41 mill. kroner.

Rapportering om forvaltning av fullmakter

Høgskolen hadde eigarinteresse i berre to aksjeselskap i 2009.

Eigarinteressa i selskapet Etnisk Musikkklubb er på to aksjar med ein samla kostpris på kr 2 000. Eigarinteressa i selskapet vil bli avvikla i 2010.

Høgskolen vil vidareføre eigarinteressa i selskapet Vitenl@ben AS. Selskapet blei stifta 08.02.07, og har ein samla aksjekapital på kr 120 000 fordelt på 1 200 aksjar kvar pålydande kr 100. Staten, ved HiT, eig per 31. desember 2009 400 aksjar, noko som tilsvarar 33,33 prosent av samla aksjekapital.

Hovudmålet med eigarskapet i Vitenl@ben AS er å medverke til auka fokus på realfag og rekruttering til studieprogam som krev realfagskompetanse, særleg innan informatikk- og teknologistudium. HiTs kandidatar frå desse studieprogramma er etterspurde både regionalt og nasjonalt, og høgskolen klarer per i dag ikkje å stette næringslivet sine behov for kandidatar på desse områda. Det er difor viktig for høgskolen å delta på eigarsida i selskap som Vitenl@ben, som bidrar til å auke medvitet om behovet for denne typen kunnskap.

Rapportering på kap. 281 post 01

Rapporteringa under dette punkt dekkjer:

1. Løyving knytt til ”Statsbudsjettet for 2009 kap. 275 – Tildelingsbrev for Høgskolen i Telemark”, jf. brev frå KD av 18.12.2008, ref. 200806215.
2. Løyving knytt til ”Endelig tillegg til tilskudds- og tildelingsbrev – Tilleggsbevilgninger til statsbudsjettet 2009 – Styrking av basisbevilgning – Nye studieplasser – Desentralisert utdanning – Etter- og videreutdanning”, jf. brev frå KD av 26.06.2009, ref. 200902852.
3. Løyving knytt til ”Tillegg til tilskudds- og tildelingsbrev – Tilleggsbevilgninger til statsbudsjettet 2009 – Tildeling av midler til studieplasser i vidareutdanning for førskolelærere i pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagen – Kap. 281 post 01”, jf. brev frå KD av 23.09.2009, ref. 200902852.

Løyving knytt til ”Statsbudsjettet for 2009 kap. 275 – Tildelingsbrev for Høgskolen i Telemark”, jf. brev frå KD av 18.12.2008, ref. 200806215

HiT fekk løyving av ekstra midlar i 2009 på kr 687 500 og kr 125 000, totalt kr 812 500, til 25 nye studieplassar i førskolelærerutdanninga hausten 2009 plasserte på studiestaden Papirbredden i Drammen. Studieleiar er med i eit prosjekt leia av Fylkesmannen i Buskerud der temaet er rekruttering av førskolelærarar. I første fase i prosjektet blei det gjort undersøkingar som viste at det var eit sterkt ønske om eit fireårig studietilbod i Drammen. HiT starta difor for studieåret 2009/2010 ei fireårig klasse som er nett- og samlingsbasert. I juni 2009 fekk høgskolen òg tildelt 30 ABf-studieplassar som høgskolen valde å tilby i Buskerud. Dermed har HiT imøtekome eit behov som kom fram gjennom dialog med barnehageeigarar og kommunar i Buskerud. Frå hausten 2010 vil HiT tilby treårige studieplassar i Drammen. Dette er fordi det er ventelister på treårig utdanning i Drammen, og mange ønskjer Papirbredden som studiestad. På førskolelærerutdanninga har HiT hausten 2009 vore i ein oppstartsperiode med dei 55 nye studieplassane i Buskerud. No er alle godt i gang, og det er behov for meir utstyr til dei praktiske estetiske faga musikk, drama og forming. Høgskolen må òg vurdere å leige meir areal på Papirbredden til undervisning og kontor. Det er òg mogleg at HiT må leige ein parkeringsplass til fordi dei fleste faglærarane og administrasjonen har kontor og arbeidsoppgåver både i Drammen og på Notodden og må frakte noko spesialutstyr mellom studiestadene. Det er no fleire faglærarar knytte til Drammen, og det krev omorganisering av leiinga av Drammen som studiestad. Frå august 2010 vil det vere 40 studentar med fast undervisning på Papirbredden, og talet vil auke i åra framover.

I tillegg har ABf-studentane også tilknytning til Drammen sjølv om studiestaden deira ligg i Øvre Eiker. HiT har dermed behov for å bruke midlar til å ruste opp og utvide verksemda i Drammen. Dette arbeidet er høgskolen i gang med.

KD løyvde kr 1 250 000 til HiT for 2008 til drift av prosjektet Skolebasert lærarutdanning (SL). Det aktuelle studentkullet er no ferdig med andre studieår/prosjektår og i gang med tredje året, som ikkje er ein del av prosjektet. Studentane har vore fordelte på fire faste praksisskolar. Rekneskapen viser ein saldo på minus kr 45 606,48 per 31.12.2009. Tilskot frå KD for 2009 var kr 430 000, slik at prosjektet totalt sett har eit meirforbruk på kr 45 606,48. Midlane er brukte i 2009 og over heile prosjektperioden. Grunnen til avvik er at fakturaer med betaling i 2009, spesielt frå Telemarkforsking-Notodden på del 2 av følgjeforskinga, kjøp av diverse varer og tenester, løn, og meirkostnad praksis har eit meirforbruk. SL har andre studieåret etablert møtestader i form av fagdagar der praksislærarane, studentane og faglærarane treffest regelmessig. SL har etter dansk modell etablert trekantsamtalar mellom student, faglærer og praksislærer for å styrkje sammenhengen mellom høgskole og praksisskole, og for å bygge ned "motsetninga" mellom teori og praksis. SL har arbeidd med å tydeleggjere arbeidsdelinga mellom høgskole og praksisskole der begge partar utforskar si rolle som lærarutdannar. SL freistar å etablere praksistett FoU-basert fagdrift i form av studentforsking. Våren 2009 gjennomførte studentane fleksibel praksis med tre dagar på praksisskolen i snitt per veke, der studentane var under rettleiing av praksislærer og faglærer. Utbygd rettleiingsverksemd, der praksisgrupper på fire får rettleiing av både praksislærer og faglærer etter behov, var ein del av prosjektet. SL har utvikla vurderingskriterium for fag og praksis på tvers av utdanningsstadene, t.d. i FoU-arbeid og GLSM-faget. Status er at prosjektet er avslutta og element i prosjektet blir vidareført i nye klassar og GLU. Prosjektet har blitt følgt av Telemarkforsking-Notodden, som kjem med sluttrapport våren 2010.

Løyving knytt til "Endelig tillegg til tilskudds- og tildelingsbrev – Tilleggsbevilgninger til statsbudsjettet 2009 – Styrking av basisbevilgning – Nye studieplasser – Desentralisert utdanning – Etter- og vidareutdanning", jf. brev frå KD av 26.06.2009, ref. 200902852.

HiT fekk løyvd kr 412 500 til 15 studieplassar innan vidareutdanning i barnehagepedagogikk i 2009. Studiet i barnehagepedagogikk (30 studiepoeng) saman med studiet i Småbarnspedagogikk (30 studiepoeng) gjev ein tilleggskompetanse til kandidatar med anna pedagogisk grunnutdanning, slik at dei blir formelt kvalifiserte som førskolelærarar. Dei to studietilboda alternerer årleg. Inneverande år har HiT ca. 40 studentar på barnehagepedagogikk. Løyvinga blir m.a. nytta til arbeidstimar. HiT, ved Institutt for pedagogikk, har sett av 570 arbeidstimar for studieåret 2009/2010 for å dekkje undervisning og gjennomføring. Tidlegare har HiT brukt interne midlar for å utvikle studiet og fagplanen. Dette var eit nytt tilbod då det blei starta opp hausten 2007. HiT har sett to røynde førskolepedagogar på oppgåva, og har rokert litt på bemanninga elles for å få dette til.

HiT fekk løyvd kr 275 000 til 10 studieplassar innan allmennlærarutdanninga. Midlane til 10 nye studieplassar er nytta til å gjennomføre undervisninga for fleire allmennlærarstudentar. Opptakstalet i 2008 var 80 studentar, medan det i 2009 var 108 studentar (tal frå DBH).

HiT fekk løyvd kr 412 500 til 15 studieplassar i sjukepleiarutdanning, og kr 487 500 til 15 studieplassar i andre profesjonsutdanningar innan helsefag (vernepleie). Dei 15 studieplassane (heiltidsekvivalentar) innan sjukepleie blei nytta til 6 plassar i vidareutdanning helsesøster deltid og 6 plassar i vidareutdanning psykisk helsearbeid deltid (12 x 0,5), tilsvarande 6 heiltidsekvivalentar. Dei 15 studieplassane (heiltidsekvivalentar) innan vernepleie blei etter avklaringar med KD disponerte til 23 modulbaserte vernepleieplassar deltid (23 x 0,75), tilsvarande 17,25 heiltidsekvivalentar. Det er då 6-7 plassar som ikkje er fylte opp. Midlane er nytta til planlegging og etablering av dei nye studieplassane og undervisning. HiT, ved Avdeling for helse- og sosialfag, har hatt monalege kostnader knytte til etableringa av modulbasert vernepleie deltid så som:

- Oppfølging av forprosjekt, fagplanarbeid/hovudprosjekt og planlegging før oppstart.
- Realkompetansevurderingar med eigne oppgåver og vurderingar av desse, og samtalar med søkjarar.

HiT fekk løyvd kr 275 000 til 10 studieplassar innan ingeniør og informasjonsteknologi (bachelor), og

kr 460 000 til 10 studieplassar innan teknologi/sivilingeniør og IT (master). Løyvingane blei nytta til å dekkje ekstra ressursar til undervisning, m.a. undervisning knytt til prosjektarbeid, laboratorieoppgåver og førelesingar.

Løyving knytt til "Tillegg til tilskudds- og tildelingsbrev – Tilleggsbevilgninger til statsbudsjettet 2009 – Tildeling av midler til studieplasser i videreutdanning for førskolelærere i pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagen – Kap. 281 post 01", jf. brev frå KD av 23.09.2009, ref. 200902852.

HiT fekk løyvd kr 275 000 til 20 studieplassar innan Pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagen (PUB). Studiet i Pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagen (30 studiepoeng), med tittel Tidleg innsats og førebyggjande tiltak, er resultat av ei utlysing frå KD tidleg hausten 2009. HiT fekk då tilslag på ein søknad om å opprette faste studieplassar innanfor PUB-området. Føresetnaden frå departementet var at studiet skulle utviklast og starte opp alt hausten 2009. Løyvinga blei nytta m.a. til arbeidstimar. HiT har sett av 450 arbeidstimar for studieåret 2009/2010, ca. 150 arbeidstimar er sette av til utvikling av studiet og ca. 300 arbeidstimar skal gå til gjennomføring/undervisning. I desember 2009 gjennomførte HiT første samling for dei 20 studentane som er tekne opp. Studiet er nettbasert med samlingar, og første kull skal etter planen vere kvalifisert for sin eksamen ved årsskiftet 2010/2011. HiT har løyst bemanninga ved å omfordele nokre oppgåver for ein fast erfaren førskolepedagog og samtidig utvida stillingsstorleiken for ein pedagog i oppdragsstilling.

Rapportering på doktorgradsavtalar der annan institusjon er gradsgjevande

Nye doktorgradsavtalar, heile 2009

Studium (DBH-kategoriar)	Finansiert over institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Forskingsrådet		Finansiert over andre eksterne kjelder	
	Totalt	kvinner	totalt	kvinner	totalt	kvinner
AF	0	0	0	0	0	0
TF	13	4	2	1	6	1
EFL	3	2	0	0	0	0
HS	0	0	0	0	0	0
Totalt HiT	16	6	2	1	6	1

*

Tabellen omfattar personar som har inngått nye doktorgradsavtalar (i organisert forskarutdanning) i løpet av 2009. Det krevst at personane er aktive i doktorgradsprogrammet og at dei er omfatta av ein konkret doktorgradsavtale. Data blir rapporterte etter finansieringskjelde.

Alle doktorgradsavtalar, haust 2009

Studium (DBH-kategoriar)	Finansiert over institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Forskingsrådet		Finansiert over andre eksterne kjelder	
	Totalt	kvinner	totalt	kvinner	totalt	kvinner
AF	6	5	0	0	0	0
TF	25	5	2	1	12	4
EFL	13	10	0	0	0	0
HS	3	3	0	0	0	0
Totalt HiT	47	23	2	1	12	4

*

Tabellen omfattar totalt personar med doktorgradsavtalar (i organisert forskarutdanning) i løpet av 2009. Det krevst at personane er aktive i doktorgradsprogrammet og at dei er omfatta av ei konkret doktorgradsavtale. Data blir rapporterte etter finansieringskjelde.

Avlagte doktorgrader, heile 2009

Studium (DBH- kategoriar)	Finansiert over institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Forskringsrådet		Finansiert over andre eksterne kjelder	
	Totalt	kvinner	totalt	kvinner	totalt	kvinner
AF	2	1	1	0	0	0
TF	2	2	1	0	0	0
EFL	1	0	0	0	0	0
HS	0	0	0	0	0	0
Totalt HiT	5	3	2	0	0	0

*

Tala omfattar avlagte doktorgrader, *inkludert* dr.philos. Disputasdato avgjer for kva år/semester ein kandidat blir rapportert. Data blir rapporterte etter finansieringskjelde.

Arbeidet med utviklinga av dei nye grunnskolelærerutdanningane ved HiT

Det blir vist til brev frå KD av 20.11.09 vedlagt rundskriv F-13-09. Det går fram av nemnde brev at det i samband med Rapport og planar (2009-2010) skal gjevast ein omtale av arbeidet med utvikling av dei nye grunnskolelærerutdanningane.

Arbeidet med utvikling av dei nye grunnskolelærerutdanningane ved HiT starta med at det blei oppnemnt og fastsett mandat for ei gruppe som skulle greie ut spørsmålet om utforming av den nye utdanninga. Utgreiingsgruppa var sett saman av representantar for AF og EFL. Det blei samstundes oppnemnt ei styringsgruppe med studiedirektøren, dekan ved AF og dekan ved EFL som medlemmer.

Utgreiingsgruppa leverte sin rapport 30.04.09. Kort oppsummert gjev rapporten eit oversyn over noverande fagtilbod innan allmennlærerutdanninga med tilhøyrande fagkompetanse og vurdering av dimensjonering og lokalisering av det nye utdanningstilbodet. Vidare blir det skissert mogelege/alternative modellar for 5-årige mastergradsstudium innanfor grunnskolelærerutdanninga og mogelege samarbeidskonstellasjonar med andre institusjonar.

På grunnlag av denne utgreiinga melde HiT tilbake til KD i brev av 26.06.09 at HiT ønskjer å tilby begge variantar av den nye grunnskolelærerutdanninga: for 1.-7.-trinnet og for 5.-10.- trinnet, både campusbasert og nett- og samlingsbasert, til 210 søkjarar i løpet av ein toårsperiode/180 søkjarar studieåret 2010-2011. KD gav i brev 20.11.09 HiT rett til å ta opp studentar til begge trinn. Når det gjeld den nett- og samlingsbaserte varianten, har HiT inngått ein intensjonsavtale med Studiesenteret.no. Studiesenteret.no representerer ca. 73 distriktskommunar. Målsetjinga frå HiT's side er m.a. at dette samarbeidet skal sikre rekruttering til grunnskolelærerutdanningane.

HiT samarbeider med UiA og UiS om utviklinga av grunnskolelærerutdanninga i Sørvestregionen. I tillegg til dialogmøtet med KD 19.10.09 har samarbeidspartnarane hatt fleire møte både på administrativt og fagleg nivå, og planlegg nye møte i løpet av våren 2010.

Det er planlagt samarbeid m.a. om tre ulike prosjekt finansierte med SAK-midlar. Desse er:

- Nettbasert undervisning.
- Kompetanseutvikling innan undervisning og læring for lærarutdannarar, på campus og i praksisfelt.
- Praksis og skolenær forskning.

HiT reknar med at desse prosjekta er finansierte av dei 20 mill. kroner som KD tildelte til samarbeidsprosessar i lærarutdanninga i 2009.

I tillegg blir det planlagt samarbeid om:

- Utgreiing av mastersamarbeid (Master of Education).
- Utgreiing av samarbeid om tilbod i 2. framandspråk.

- Samarbeid om rettleiing for nyutdanna lærarar.
- Samarbeid om universitetspedagogikk.

HiT er av den oppfatninga at arbeidet med den nye grunnskolelærerutdanninga skjer under stort tidspress. HiT meiner likevel at det vil la seg gjere å etablere ei kvalitativt god grunnskolelærerutdanning frå hausten 2010. HiT er godt i gang med å utvikle nødvendige fagplanar til begge trinna. HiT ønskjer å tilby to retningar/liner på 5.-10.-trinnet, ei line med naturfag og matematikk og ei med humanistiske fag. HiT vil kome attende til dette i samband med tilbakemeldinga til KD om framdriftsplan for implementering av dei nye programplanane.

Samfunnstryggleik og arbeid med beredskap

Krisehandteringsplan for alvorlege ulukker og dødsfall for tilsette og studentar blei utarbeidd i 1999. Planen er revidert, og ny krisehandteringsplan blei vedteken i 2006. Planen inneheld eit oversyn over sannsynlege kriser som kan oppstå, prosedyre for handtering av desse og rutinar for opplæring, medietrening og øvingar.

I 2009 blei ein pandemiplan utarbeidd som eit vedlegg til krisehandteringsplanen. Pandemiplanen er i hovudtrekk delt i tre; ein del som tek for seg eit mogeleg medarbeidarfråvær på inntil 40 %, ein del som tek for seg reduksjon av smittespreiing og ein del som tek for seg kommunikasjonsområdet. For å avgrense smittespreiing av influensa (H1NI), kjøpte høgskolen inn og utplasserte dispenserar med antiseptisk middel og omprioriterte reinhaldet slik at kritiske område blei reingjorde først. Det blei òg gitt informasjon om kor kommunane sette vaksine.

Det er gjennomført ei systematisk oppfølging av krisehandteringsplanen ved studiestadene Porsgrunn, Bø og Notodden/Rauland. Sentral og lokal leiing fekk tildelt eit case og gjennomførte ei praktisk øving i tråd med krisehandteringsplanen og i samarbeid med studentprest og SiTel. Dei tre ulike case var eksplosjon i laboratoriet, omdømekrise og sakna studentar på fjelltur. Høgskolen har delteke på eit informasjonsmøte om handtering av skyteepisodar i regi av politiet.

Det er vidare tidfesta førstehjelpskurs for alle tilsette.

Gjennom øving på uønskte hendingar er høgskolen betre budd på korleis ei eventuell krise eller ny pandemi skal handterast. Slik øving må gjerast kontinuerleg, og i 2010 skal leiinga trene på ei tenkt krise som involverer eksterne mynde som politi, brannvesen, helsepersonell og media.

Arbeid med helse, miljø og tryggleik

Det fysiske arbeidsmiljøet er sikra ved gjennomføring av internkontrollrundar med vurderingar av risiko-tilhøve og tiltak ved studiestadene. HMS-systemet er gjennomgått ved alle laboratoria, og det er gjort ei særskilt risikovurdering ved verkstaden i Rauland. Det er kjøpt inn hjelpemiddel som tilpassa stol og heve- og senkebord til tilsette som er sjukemelde eller står i fare for å bli sjukemelde grunna rygg- og belastningsplager, slik at dei kan klare arbeidskvardagen betre.

Det blir gjennomført regelbundne møte i arbeidsmiljøutval (AMU). Følgjande AMU-møte er gjennomførde:

- 4 møte i hovud-AMU for HIT
- 3 møte i lokal-AMU Porsgrunn
- 4 møte i lokal-AMU Bø
- 3 møte i lokal-AMU Notodden
- I Rauland blir eventuelle arbeidsmiljø saker drøfta på personalmøta.

Det psykososiale arbeidsmiljøet er teke i vare mellom anna ved at ein rutine for konflikthandtering og mobbing er utarbeidd og sett i verk. Rutinen tek òg opp tema som folkeskikk og kva for framferd og handlemåte som blir verdsett ved høgskolen.

For å auke trivselen og samhandlinga på tvers av avdelingane er ein HMS-dag med tema "Gode kollegaer og godt arbeidsmiljø" arrangert for alle tilsette. Tema som førebygging av konflikthar og humor på arbeidsplassen blei tekne opp og diskuterte med gode innlegg av eksterne bidragsytarar.

Høgskolen arbeider systematisk og kontinuerleg med helse, miljø og tryggleik og har fokus både på det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet. Viktig arbeid med å gå gjennom HMS-rutinar for laboratoria og verkstader er gjort, og det er sett i verk tiltak som skal førebyggje eventuelle konflikthar på arbeidsplassen. Høgskolen har òg eit velfungerande lokal- og hovud-AMU der saker som gjeld arbeidsmiljøet blir tekne opp og drøfta.

Sjukefråvær

Det har vore ein nedgang i sjukefråveret ved høgskolen det siste året, frå 5,3 % til 4,2 %. Det er ein reduksjon på 20 % på eitt år. Det er ei positiv utvikling, og høgskolen har vore oppteken av ulike tiltak som kan redusere sjukefråveret ytterlegare.

Ved ei av avdelingane med høgt sjukefråvær har bedriftshelsetenesta gjennomført ei undersøking av tilsette sin helsetilstand og kome med sannsynlege forklaringsar på sjukefråveret. Muskel- og skjelettplager synest å vere gjennomgåande. For å førebyggje konsekvensane av desse plagene har høgskolen gått inn i eit samarbeid med iBedrift. iBedrift er ein del av Kysthospitalet, har spisskompetanse på muskel/skjelettrelaterte plager og kan vise til gode resultat ved hjelp av forskingsbasert kunnskap og god tilrettelegging. Prosjektet er starta ved to avdelingar.

Høgskolen gjev òg medarbeidarane tilbod om at ein time av arbeidstida pr. veke kan brukast til felles helsefremjande aktivitetar for både å styrkje arbeidsmiljøet og førebyggje moglege belastningsskader. Aktivitetane er organiserte i regi av høgskolen, og har starta opp ved tre studiestader.

Ein meir differensiert statistikk over sjukefråveret er utarbeidd for å få betre oversyn over korleis fråveret er fordelt mellom alder og kjønn, langtidssjukefråvær. Trenden er at sjukefråveret stig med aukande alder, og at kvinner har høgare sjukefråvær enn menn. Hos tilsette over 50 år er sjukefråveret til dømes høgare enn gjennomsnittet, og sjukefråvær over 8 veker utgjer den største delen av fråveret. Det eigenmeldte fråveret er i snitt 0,8 %, medan sjukefråvær over 8 veker i snitt er på 2,3 %.

Det kan synast som om eit kontinuerleg fokus på sjukefråveret og dei ulike tiltaka har medverka til nedgang i fråveret. Høgskolen ønskjer å halde sjukefråveret på eit så lågt nivå som mogeleg og vil halde fram med systematisk arbeid med sjukefråværsproblematikken. Det er særskilt viktig då det er nokre grupper som har høgare sjukefråvær enn gjennomsnittet, t.d. dei langtidssjuke, kvinner og tilsette over 50 år.

Samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon (SAK)

Prosessane knytte til SAK har m.a. resultert i følgjande samarbeidsprosjekt i 2009:

Næringsretta mastergradsstudium i fri programvare

HiT (ved Avdeling for allmennvitenskaplege fag) og UiA (ved Fakultetet for teknologi og realfag og Fakultetet for økonomi og samfunnsvitenskap) inngjekk i november 2009, saman med bransjenettverka IKT Grenland og DIGIN (Foreningen for digital innholdsproduksjon og læring), eit samarbeid om eit nettbasert mastergradsstudium i fri programvare. Til prosjektet blei det søkt om delvis finansiering frå Noregsuniversitetet. Prosjektet blei tildelt 800.000 kroner hausten 2009. Avhengig av vidare finansiering er studiet planlagt oppstarta hausten 2010.

Senter for omsorgsforskning – Sør

Senter for omsorgsforskning - Sør er eitt av i alt fem regionale senter for omsorgsforskning oppretta av Helse- og omsorgsdepartementet. Senteret er etablert som eit samarbeid mellom UiA og HiT og har som overordna mål å styrkje praksisnær forskning innan omsorgsfeltet. Ei sentral oppgåve for senteret er å drive kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og nettverksbygging overfor kommunane i regionen. Senter for

omsorgsforskning – Sør har egne nettsider: <http://www.omsorgsor.no/>. Alle tiltak knytte til senteret er planlagt vidareført i 2010.

Det har elles vore arbeidd med fleire SAK-prosjekt for oppstart i 2010, jf. verksemdsmål 4.4 under planar for 2010.

Opplysningar om potensiell vekstkapasitet ved Høgskolen i Telemark

1. Kor mange studieplassar kan institusjonen auke med frå dagens nivå fram mot hausten 2011, gitt dagens rammevilkår og infrastruktur?

Høgskolen i Telemark (HiT) kan auke sin kapasitet på følgjande område hausten 2010:

- Bachelorgradsutdanning i ingeniørfag, 40 studieplassar
- Bachelorgradsutdanning, vernepleie, 15 studieplassar
- Bachelorgradsutdanning, førskolelærer, 30 studieplassar

Totalt blir dette 85 studieplassar.

Nærare om ingeniørutdanninga

I 2009 var opptakstalet 198, og det er planlagt eit tilsvarande opptak i 2010.

HiT har i budsjettframlegg for 2011 for Høgskolen i Telemark, vedteke av styret 26.11.09, søkt om å få tilbakeført basisfinansiering for 30 studieplassar som varig auka opptakskapasitet innan ingeniørfag. Det blir vist til budsjettframlegget.

På bakgrunn av brevet frå KD av 21.01.10 om potensiell vekstkapasitet for 2010 og 2011, har HiT kome til at eit auka opptak innan ingeniørfaga kan setjast i verk frå 2010 og med totalt 40 nye studieplassar. Det vil seie eit samla opptak på 230. Opptak i 2011 blir ført vidare på same nivå som i 2010 (230).

Nærare om vernepleiarutdanninga

HiT hadde i planarbeidet for 2010 lagt til grunn at dei 15 studieplassane tildelte til grunnutdanning i helsefag i budsjettet for 2010 kunne nyttast innan vernepleiarutdanninga. HiT konstaterer at desse plassane må nyttast innan helsefagutdanningane. HiT meiner likevel at det i denne regionen er etterspørsel etter fleire personar med vernepleiarfagleg kompetanse. På denne bakgrunnen søker HiT no om å få tilført basisfinansiering for 15 nye studieplassar både hausten 2010 og 2011.

Nærare om førskolelærerutdanninga

I 2009 var opptakstalet 197, og det er planlagt eit tilsvarande opptak i 2010.

HiT i har i budsjettframlegg for 2011 for Høgskolen i Telemark, vedteke av styret 26.11.09, søkt om å få tilbakeført basisfinansiering for minst 30 studieplassar som varig auka opptakskapasitet. Det blir vist til budsjettframlegget.

På bakgrunn av brevet frå KD av 21.01.10 om potensiell vekstkapasitet for 2010 og 2011, har HiT kome til at eit auka opptak innan førskolelærerutdanninga kan setjast i verk frå 2010. Det vil seie at opptaket kan aukast med 30 nye studieplassar. Det vil seie eit samla opptak på 230. Opptak i 2011 blir ført vidare på same nivå som i 2010 (230).

Ytterlegare auka opptak innan vernepleiarutdanninga hausten 2011

Høgskolen i Telemark (HiT) kan auke sin kapasitet på følgjande område hausten 2011:

- Bachelorgradsutdanning, vernepleiar, 15 studieplassar.

2. Kva begrensande faktorar står institusjonen overfor som hindrar vekst (kan spesifiserast på utdanningsprogram ved behov)?

Når det gjeld helse- og sosialfag kunne det ha vore mogeleg å auke kapasiteten innan sjukepleiarutdanninga dersom det ikkje hadde mangla praksisplassar. Når det gjeld andre studieprogram, er det først og fremst rekrutteringspotensialet som manglar.

3. Er det særskilte studieprogram som institusjonen ønskjer å prioritere særskilt av strategiske årsaker eller for å reindyrke ein fagleg profil?

4. Er det særskilte studieprogram som institusjonen ønskjer å byggje ned eller avvikle av same årsaker?

Brukarundersøkingar

Studentane er ei av dei viktigaste brukargruppene for HiT. Når det gjeld brukarundersøkingar, er difor denne brukargruppa i fokus. I høgskolen sitt system for kvalitetssikring er det innarbeidd ein rutine for elektronisk studentevaluering av infrastruktur og læringsmiljø. Evaluering av infrastruktur og læringsmiljø blir utført ein gong kvart studieår, i vårsemesteret. Svikt i kvaliteten eller avvik med omsyn til læringsmiljøet som kjem fram i denne årlege undersøkinga, skal følgjast opp og tiltak skal dokumenterast.

Det blei ikkje gjennomført andre brukarundersøkingar av noko omfang i høgskolen i 2009.

3. Planar for 2010

3.1 Plan for verksemda i 2010

Sektormål 1

Universitet og høgskolar skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.

Utdanning

Verksemdsmål 1.0 (eigendefinert)

Høgskolen i Telemark (HiT) har som ambisjon å få universitetsstatus innan 2016.

Eigendefinerte styringsparameter:

- a) Innan 01.06.2010 skal det liggje føre ein regionalt omforeint modell for finansiering av meirkostnadene i oppstartsfasen av universitetssetinga (fram til 2018), førebels rekna til ca. 90 mill. kroner. Innan utgangen av året skal eit etableringsfond på 40 mill. kroner vere operativt.
- b) Aktivitetane i universitetsprosjektet skal gjennomførast i tråd med fastsett prosjektplan.
- c) HiT skal få akkreditering og godkjenning av doktorgradsstudium i kulturstudiar og i økologi.
- d) HiT skal søkje Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) om akkreditering av doktorgradsstudium i helsefremjande arbeid.
- e) Det skal setjast av interne strategiske satsingsmidlar til planlegging og realisering av doktorgrads- og mastergradsstudia, i takt med ekstern finansiering.

Verksemdsmål 1.1

Høgskolen i Telemark skal utdanne kandidatar med høg kompetanse med relevans for samfunnet sitt behov.

Styringsparameter:

- a) Talet på kvalifiserte førstevalssøkjjarar per studieplass skal vere minst 1,50.
- b) Eigendefinert: Talet på primærsøkjjarar i Samordna opptak skal vere minst 2 500.
- c) Eigendefinert: Talet på studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar) skal auke frå 4 947 til 5 189.

Læringsmiljø

Verksemdsmål 1.2

Høgskolen i Telemark skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming.

Styringsparameter:

- a) Nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent per år skal vere minst 47,5.
- b) Talet på studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal vere 20,5.
- c) Gjennomføring i høve til avtalte utdanningsplanar skal vere minst 0,90.
- d) Eigendefinert: Talet på eigenfinansierte nye 60-studiepoengseiningar skal vere minst 4 110.
- e) Eigendefinert: Talet på uteksaminerte mastergradskandidatar skal vere minst 108.
- f) Eigendefinert: Talet på uteksaminerte bachelorgradskandidatar skal vere minst 764.
- g) Eigendefinert: Talet på uteksaminerte kandidatar fordelt på følgjande prioriterte område skal vere minst slik dei går fram i parentes: sjukepleiarutdanning (110), vernepleiarutdanning (37), allmennlærerutdanning (62), førskolelærerutdanning (132) og ingeniørutdanning (130).

Internasjonalisering

Verksemdsmål 1.3

Høgskolen i Telemark skal ha eit utstrekt internasjonalt utdanningssamarbeid av høg kvalitet, som medverkar til auka utdanningskvalitet.

Styringsparameter:

- a) Talet på utvekslingsstudentar (ut-/innreisande) skal auke frå 132 til 175.
- b) Talet på framandspråklege utdanningstilbod skal vere 45.
- c) Talet på studietilbod i samarbeid med utanlandske institusjonar (fellesgrader/Joint Degrees) skal vere 1.
- d) Eigendefinert: Omfanget av framandspråklege utdanningstilbod målt i studiepoeng skal liggje på 985.

Evaluering

Verksemdsmål 1.4 (eigendefinert)

Høgskolen i Telemark skal ha god studentdeltaking i evaluering av emne, infrastruktur og læringsmiljø.

Styringsparameter:

- a) Eigendefinert: Prosentdel deltaking i evaluering av emne skal auke frå 26 til 40.
- b) Eigendefinert: Prosentdel deltaking i evaluering av infrastruktur og læringsmiljø skal auke frå 15 til 40.

Målområde for særleg vektlegging

- Institusjonen sin strategi for utvikling av fagporteføljen og fagleg profil, herunder korleis forholdet mellom breidd og djupn blir vekta, omsynet til små og utsette fag, relevans etc.
- Vurdering av internt system for kvalitetssikring og omtale av korleis dette blir brukt strategisk og utvikla vidare.
- Korleis NOKUTs avslutta evalueringar, revideringar og akkrediteringar blir følgde opp og korleis kvalitetssikringssystemet er forankra i fagmiljøa.
- Strategi for arbeidet med internasjonalisering og korleis dette medverkar til utviklinga av den faglege verksemda og kvalitet i utdanningane.
- Tiltettelegging for studentar med nedsett funksjonsevne.
- Arbeidet med læringsmiljø, herunder samarbeidet mellom læringsmiljøutvalet og styret, og korleis dette byggjer opp under sektormål 1.

Sektormål 2

Universitet og høgskolar skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.

Forsknings- og utviklingsarbeid

Verksemdsmål 2.1

Høgskolen i Telemark skal gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid tilby forskarutdanning av høg kvalitet. Forskarutdanninga skal vere innretta og dimensjonert for å stette behova i sektoren og samfunnet elles.

*Styringsparameter:**

- a) Talet på uteksaminerte doktorgradskandidatar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling.
- b) Prosentdel uteksaminerte doktorgradskandidatar av opptekne personar på doktorgradsprogram fem år tidlegare.

* HiT fekk akkreditert doktorgradsstudium i prosess-, energi- og automatiseringsteknikk i mars 2009. Dei første stipendiatane blei teke opp til studiet hausten 2009. Det inneber at dei første kandidatane tidlegast vil fullføre i 2012.

Verksemdsmål 2.4

Høgskolen i Telemark har eit særskilt ansvar for profesjonsretta forskning, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionen. Samstundes skal høgskolen innrette forskingsinnsatsen sin slik at det vert oppnådd resultat av høg internasjonal kvalitet innan fagområde der høgskolen tildeler doktorgrad, og samarbeide nasjonalt og internasjonalt om forskning og utviklingsarbeid.

Styringsparameter:

- a) Publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal liggje på minst 0,19.
- b) Tildeling frå Forskningsrådet per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal vere på minst 9 000 kroner.

- c) EU-tildeling per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (ikkje resultatmål).
- d) Eigendefinert: Talet på publikasjonspoeng skal liggje på minst 60.
- e) Eigendefinert: Talet på tilsette som blir utveksla via programavtalar skal vere minst 15.
- f) Eigendefinert: Talet på publikasjonar i TEORA skal aukast frå 136 til 145.
- g) Eigendefinert: Etablere ein fagfellevurdert publiseringskanal for kunstnarleg-kreativ verksemd i samarbeid med aktuelle samarbeidspartnarar.

Målområde med særleg vektlegging

- Strategi for arbeidet med internasjonalisering i forskning og utviklingsarbeidet, og korleis dette medverkar til å heve kvaliteten i forskarutdanninga og forskingsverksemda.
- Arbeidet med å utvikle og konsentrere FoU-innsatsen og utvikle fagmiljø av høg kvalitet.
- Tiltak for å auke gjennomstrøyminga i forskarutdanninga og status for rekruttering på ulike fagområde.
- Institusjonen sitt arbeid mot og utteljing i regionale forskingsfond.

Sektormål 3

Universitet og høgskolar skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultatata. Universitet og høgskolar skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.

Formidling

Verksemdsmål 3.1

Høgskolen i Telemark skal gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt tilføre samfunnet resultatata frå FoU-verksemda.

Styringsparameter:

- a) Eigendefinert: Talet på formidling av fagleg, populærvitskapleg karakter skal aukast frå 49 til 55.

Innovasjon og verdiskaping

Verksemdsmål 3.2

Høgskolen i Telemark skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom innovasjon og verdiskaping.

Styringsparameter:

- a) Prosentdelen oppdrags- og bidragsfinansiert aktivitet av samla driftsinntekter skal vere 1,7.
- b) Talet på nyoppretta selskap skal vere minst 1.
- c) Talet på mottekne forretningsidéar skal vere minst 2.

d) Eigendefinert: Resultat av bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd skal auke til minst 500 000 kroner.

Målområde med særleg vektlegging

- Arbeidet med stimulering og tilrettelegging for innovasjon og entreprenørskap.
- Arbeidet med å utvikle retningsliner for immaterielle rettar og betre handteringa av slike rettar.
- Institusjonen si tilrettelegging for og tilgang til forskingsresultat, herunder Open Access, og annan fagleg aktivitet for ålmenta og samfunnet.
- Arbeidet med å auke bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd.

Sektormål 4

Universitet og høgskolar skal organisere og drive verksemda si på ein slik måte at samfunnsopdraget blir stetta best mogleg innanfor ramma av disponible ressursar.

Personal- og økonomiforvaltning

Verksemdsmål 4.1

Høgskolen i Telemark skal sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane.

Styringsparameter:

- a) Driftsutgifter per avlagt 60-studiepoengseining skal ikkje vere over 129 000 kroner.
- b) Driftsutgifter per publikasjonspoeng skal ikkje vere over 9 mill. kroner.
- c) Høvetalet mellom vitenskapleg og administrativt tilsette skal vere 2,35.
- d) Eigendefinert: Prosentdel kostnader til løn av totale kostnader skal ikkje vere over 63 %.
- e) Eigendefinert: Kostnader per eigenfinansiert heiltidsekvivalent korrigert for løns- og prisvekst skal ikkje vere over 99 000 kroner.
- f) Eigendefinert: Areal per eigenfinansiert student skal ikkje vere over 14 kvm.

Verksemdsmål 4.2

Høgskolen i Telemark skal gjennom personalpolitikken sin medverke til eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.

Styringsparameter:

- a) Del førstestillingar av det totale talet på undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar skal auke frå 0,38 til minst 0,40.
- b) Del av kvinner totalt og etter stillingskategori skal overvakast.
- c) Eigendefinert: Del av kvinner i leiarstillingar skal auke frå 0,39 til minst 0,40.
- d) Eigendefinert: Del av kvinner i første- og toppstillingar (faste tilsette i årsverk) skal auke frå 0,29 til minst 0,32.

Verksemdsmål 4.3

Høgskolen i Telemark skal syte for høg kvalitet i økonomiforvaltninga. I dei strategiske prioriteringane skal det takast omsyn til god intern kontroll og effektiv ressursforvaltning.

Styringsparameter:

- a) Likviditetsgraden (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld) skal vere 1,85.
- b) Avrekningar (gjennomføringa av budsjettet i rekneskapsåret) skal vere minus 4 mill. kroner.
- c) Eigendefinert: Det skal ikkje kome vesentlege negative merknader frå Riksrevisjonen.

Verksemdsmål 4.4

Høgskolen i Telemark skal medverke til at nasjonale kunnskapsressursar blir forvalta heilskapleg og til at oppgåver blir løyste og ansvar blir fordelt gjennom samarbeid.

Styringsparameter:

- a) Talet på studietilbod i samarbeid med andre norske institusjonar (fellesgrader) skal vere 1.
- b) Eigendefinert: Avtalen med Universitetet i Agder om institusjonelt nettverkssamarbeid skal følgjast opp.
- c) Eigendefinert: Fagleg fundert samarbeid med fagmiljø ved andre universitet og høgskolar skal styrkjast og vidareutviklast, jf. m.a. SAK-prosjekta. *)

Målområde med særleg vektlegging

- Korleis strategiske val i økonomisk prioritering og rekruttering byggjer opp under faglege ambisjonar innan forskning og utdanning.
- Personalpolitiske verkemidlar som medverkar til å realisere målet om eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.
- Institusjonen si oppfølging av gjeldande regelverk for innkjøp og forvaltning av bidrags- og oppdrags-finansiert aktivitet.
- Institusjonen si oppfølging av internkontroll, ref. Reglement for økonomistyring i staten § 14 – relatert både til system og kvalitetssikringsrutinar.
- Institusjonen sitt arbeid med å redusere mellombels tilsetjing i ordinære utdannings- og forskarstillingar.

*)

Samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon (SAK)

Nedanfor følgjer korte omtalar av SAK-prosjekta der HiT er samarbeidspartnar i 2010.

Avdeling for allmennvitenskaplege fag (2 prosjekt):

Prosjekt 1:

Prosjektnamn:

Samarbeidsprosjekt innan økologi- og vassmiljø ved HiT og UiA, jf. eige vedlegg

Sektormål:

Prosjektet medverkar til å nå sektormåla 1 og 2

Samarbeidspartnarar:
Høgskolen i Telemark
Universitetet i Agder

Formålet med prosjektet:

- Etablere forpliktande og konkret samarbeid mellom fagmiljø med sterke samnemnarar innan økologi.
- Styrkje samarbeidet innan vassmiljøet i region Sør – der også eksisterande samarbeidspartnarar gjennom PYROWATER-prosjektet blir trekte inn (UiO, UMB, NIVA, IFE).
- Ved å konsolidere fagmiljøa skal grunnlaget for ein seinare søknad om ein nasjonal forskarskole styrkjast (Inland Water Science Network).

Samarbeidet skal skje på områda undervisning (felles emnetilbod for studentgrupper, rettleiing av masterstudentar og mogelege framtidige fellesgrader), forskning og utvikling (nyttå kvarandre sine faglege nettverk og medverke til felles FoU-aktivitet) og administrasjon (professor-II-utveksling, og 2-3 felles strategiske mål med vekt på å gjere kvarandre betre (på instituttnivå)).

Tidsplan:

Start: Q3 2010
Slutt: Q2 2012

Budsjett:

HiTs del: 600 000 NOK

Prosjekt 2:

Prosjektnamn:

Næringsbasert mastergradsstudium i fri programvare

Sektormål:

Prosjektet medverkar til å nå sektormål 1 og 4

Samarbeidspartnarar:

Høgskolen i Telemark
Universitetet i Agder

Formålet med prosjektet:

HiT ved Avdeling for allmennvitenskaplege fag og UiA ved Fakultet for teknologi og realfag og Fakultet for samfunnsvitenskap og økonomi, har inngått ein avtale om utvikling og gjennomføring av eit næringsretta mastergradsstudium i fri programvare. Næringsklyngene IKT Grenland og DIGIN er også partar i avtala. Studiet skal utviklast med utgangspunkt i eksisterande mastergradsstudium ved UiA. Det skal næringsrettast ved at næringslivspartnarar medverkar både i planlegging og gjennomføring av studiet (ved å nytte arbeidsplassar i regionen sine IKT-verksemder som læringsarena, ved at verksemder i næringsklyngene legg til rette for mastergradsoppgåver, og ved at tilsette i verksemdene blir stilte til disposisjon som undervisnings-/rettleiingsressursar på fagområde der dei har spesiell kompetanse).

Noregsuniversitetet har løyvd 800 000 NOK til prosjektet, fordelt på 2010 og 2011.

Budsjett:

HiTs del: 0 NOK

Avdeling for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning (2 prosjekt):

Prosjekt 1:

Prosjektnamn:

Samarbeidsprogram om å styrkje og utvikle utdanning og forskning i skolefaga kunst og handverk, forming, mediedesign, design og arkitektur

Sektormål:

Prosjektet medverkar til å nå sektormåla 1 og 2

Samarbeidspartnarar:

Høgskolen i Telemark

Høgskolen i Oslo

Formålet med prosjektet:

- Kartleggje likskap og ulikskap i planar og i praktisk undervisning og i praksis på nivå 1, 2 og 3 (bachelor-, master- og doktorgradsnivå).
- Utdjupe korleis likskap og ulikskap kan nyttast til å styrkje fagfeltet, eventuelt vurdere kvar ein kan få til betre samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon.
- Etablere ei plattform for vidare utvikling av SAK på aktuelle område på nivå 1-2-3, også innan forskning.
- Identifisere kritiske suksessfaktorar for vegen vidare.
- Vurdere korleis nettbaserte forelesingar og rettleiing kan nyttast institusjonane imellom.
- Samordne forskingsprosjekt, m.a. i barnehage, grunnskole, vidaregåande skole, folkehøgskolar og lærarutdanningar.

Tidsplan:

Start: Q3 2010

Slutt: Q2 2012

Budsjett:

HiTs del: 600 000 NOK

Prosjekt 2:

Prosjektnamn:

Grunnskolelærarutdanningane – Sørvestregionen

Sektormål:

Prosjekta medverkar til å nå alle sektormåla

Samarbeidspartnarar:

Universitetet i Agder

Universitetet i Stavanger

Høgskolen i Telemark

Formålet med prosjektet:

I 2009 blei UiS, UiA og HiT utpeikte av departementet til å vere éin region (Sørvestregionen) for den nye grunnskolelærarutdanninga (GLU). Det blei på den bakgrunnen hausten 2009 innleia eit fagleg samarbeid mellom dei tre institusjonane. Som det går fram under anna rapportering for 2009, er det i den samanhengen etablert tre prosjekt med slik arbeidsdeling: HiT leiar eit prosjekt om digital nettbasert lærarutdanning, UiA har ansvaret for eit prosjekt om lærarutdanningsdidaktikk, og UiS leiar eit prosjekt om forskarutdanning og forskarprosjekt. Det skal òg utviklast ei femårig grunnskolelærarutdanning (profesjonsmaster).

Dei involverte fagmiljøa har vidare planar som omfattar studieleiar-/koordinatorkonferanse for å sikre at alle dei som rettleier studentar har felles forståing av samarbeidet mellom dei tre institusjonane. Vidare er det planar om ein lærarutdanningskonferanse i Sørvestregionen for lærarutdannarar ved alle institusjonane. Det skal òg arbeidast med utvikling av felles mastergradsstruktur, utvikling og utveksling innan faggruppene for å fremje fellesskap om lærarutdanningane, lærarutdanningspedagogikk og kompetanseutvikling blant tilsette, forskaropplæring og utvikling av felles forskingsprosjekt retta mot praksisfeltet, og språkfag i lærarutdanninga.

Tidsplan:

Start: Q1 2010

Slutt: Q4 2010

Budsjett:

HiTs del: 700 000 NOK

Avdeling for helse- og sosialfag (3 prosjekt):

Prosjekt 1:

Prosjektnamn:

Utvikling av mastermodul i aldring og eldreomsorg, jf. eige vedlegg

Sektormål:

Prosjektet medverkar til å nå sektormåla 1 og 2

Samarbeidspartnarar:

Høgskolen i Telemark

Universitetet i Agder

Formålet med prosjektet:

- Styrkje samarbeidet mellom institusjonane innan utdanning og såleis medverke til at den enkelte institusjonen når sektoren sitt mål.
- Styrkje utdanningstilbodet på mastergrads-, vidareutdannings- og bachelorgradsnivå fagleg og kvalitetsmessig innan helse, aldring og eldreomsorg.
- Gjennom eit styrkt FoU-samarbeid auke kvaliteten på utdanninga av omsorgspersonell på mastergrads- og bachelorgradsnivå.
- Styrkje institusjonane si kompetanseutvikling på høgre nivå overfor kommunehelsetenesta i høve til politiske målsetjingar i St. meld. 30 (2008–2009) Klima for forskning, St. meld. nr. 25 (2005-2006) Mestring, muligheter og mening, Framtidas omsorgsutfordringer og St.meld. nr. 47 (2008-2009) Samhandlingsreformen - Rett behandling – på rett sted – til rett tid.

Tidsplan:

Start: Q3 2010

Slutt: Q3 2011

Budsjett:

HiTs del: 550 000 NOK

Prosjekt 2:

Prosjektnamn:

Etablering av nettverkssamarbeid og forskarskole innan psykisk helse

Sektormål:

Prosjektet medverkar til å nå sektormål 2

Samarbeidspartnarar:
Universitetet i Agder
Høgskolen i Buskerud
Høgskolen i Hedmark
Høgskolen i Volda
Høgskolen i Telemark

Formålet med prosjektet:

Målet er å gjere sterke, men små fagmiljø meir robuste gjennom samordning og samarbeid. Dette kan skje både gjennom etablering av felles forskingsprosjekt og ved at de ulike miljøa er med på modular og kurs og medverkar med rettleiingskapasitet inn i ein felles forskarskole. Eit slikt samarbeid opnar for eit breitt og fleirfagleg program som kan rekruttere frå dei store helse- og sosialfaglege profesjonsutdanningane.

Det skal i løpet av våren 2010 inngåast ein samarbeidsavtale der dei involverte institusjonane skal vere likeverdige partnarar. Eit slikt nettverkssamarbeid støttar opp under dei samarbeidande institusjonane si oppbygging av doktorgradsprogram. SAK-midlar skal nyttast til vidare utgreiing og etablering, og i neste fase vil fleire institusjonar bli inviterte inn i nettverket.

Tidsplan:

Start: Q2 2010
Slutt: Q2 2012

Budsjett:

HiTs del: (Ikkje avklart)

Prosjekt 3:

Prosjektnamn:

Senter for omsorgsforskning - Sør

Sektormål:

Prosjektet medverkar til å nå alle sektormåla

Samarbeidspartnarar:

Universitetet i Agder
Høgskolen i Telemark

Formålet med prosjektet:

Senter for omsorgsforskning - Sør er eitt av i alt fem regionale senter i Noreg oppretta av Helse- og omsorgsdepartementet. Senteret er fysisk lokalisert med ei avdeling ved UiA, Fakultet for helse- og idrettsfag i Arendal og ei avdeling ved HiT, Avdeling for helse- og sosialfag i Porsgrunn. Geografisk nedslagsfelt er Agder-fylka, Telemark, Vestfold og Buskerud. Senter for omsorgsforskning - Sør er det einaste av dei fem regionale sentra som representerer eit samarbeid mellom to institusjonar.

Utvikling av ny og betre kunnskap og formidling av denne til kommunar i regionen er ei prioritert oppgåve for senteret. Sentralt i arbeidet er å knyte kontaktar med aktuelle miljø innan dei einaskilde kommunane. Her er m.a. undervisningssjukeheimane i regionen viktige samarbeidspartnarar.

Tematisk står forskning på eldre og funksjonshemma, psykisk helse, aktiv omsorg, rekruttering og helsetenesteforskning sentralt, men det er òg andre område innan omsorgsfeltet som er aktuelle. Senteret har eit breitt fagleg nedslagsfelt med fokus på alt frå overordna styringsprosessar til dei mange som arbeider med omsorg i sitt daglege virke.

Sentra for omsorgsforskning er dels finansierte tiltak frå Forskningsrådet, men med ein vesentleg eigendel frå utdanningsinstitusjonane. For vidareutvikling og oppbygging av verksemda er det lagt eit betydeleg ansvar på institusjonane.

Tidsplan:

Start: Q1 2010

Slutt: Q4 2010

Budsjett:

HiTs del: 1 000 000 NOK

Avdeling for teknologiske fag (3 prosjekt):

Prosjekt 1:

Prosjektnamn:

Samarbeid om felles internasjonalisering innan teknologi – ”En utvidelse av studylink”, jf. eige vedlegg

Sektormål:

Prosjektet medverkar til å nå sektormåla 1 og 2

Samarbeidspartnarar:

Høgskolen i Telemark

Høgskolen i Gjøvik

Universitetet i Agder

Formålet med prosjektet:

Prosjektet går ut på å etablere eit felles internasjonalt samarbeid med universitet i nye kunnskapsregionar (BRIK-landa) innan mastergrads- og PhD-utdanningar i teknologi. Eit felles samarbeid med fleire universitet i Kina er etablert. I neste omgang vil samarbeidet utvidast til å gjelde India/Sri Lanka, seinare òg BRIK-land. Bedriftssamarbeid vil bli integrert som ein del av samarbeidet.

Prosjektet er basert på eit samarbeid som vil føre til både arbeidsdeling og konsentrasjon av internasjonaliseringsverksemda ved dei tre institusjonane.

Tidsplan:

Start: Q2 2010

Slutt: Q2 2012

Budsjett:

HiTs del: 600 000 NOK

Prosjekt 2:

Prosjektnamn:

Samarbeid om forskarutdanning innan teknologi - ”Sørnorsk forskerskole innen teknologi”, jf. eige vedlegg

Sektormål:

Prosjektet medverkar til å nå sektormåla 1 og 2

Samarbeidspartnarar:

Høgskolen i Telemark

Universitetet i Agder

Universitetet i Stavanger

Formålet med prosjektet:

Prosjektet skal medverke til å betre kvaliteten på våre PhD-program innan teknologi ved å samordne og effektivisere rekruttering, undervisning og rettleiing. Forskingssamarbeidet generelt mellom UiS, UiA og HiT vil òg kunne utviklast vidare gjennom dette samarbeidsprosjektet. Ei viktig målsetjing er å betre kostnads-

effektiviteten i programma, og medverke til å betre fagleg kvalitet og gjennomstrøyming i PhD-programma ved alle dei tre institusjonane. Samarbeidet skal òg medverke til å styrkje rekrutteringa av gode kandidatar frå eigen region gjennom eit nært samarbeid med industri og næringsliv. I vårt SAK-prosjekt vil olje-, gass- og energiteknologi vere berande element i samarbeidet med industrien, som typisk vil omfatte prosessindustri, energiselskap, oljeselskap og offshoreleverandørar.

Tidsplan:

Start: Q2 2010
Slutt: Q2 2012

Budsjett:

HiTs del: 600 000 NOK

Prosjekt 3:

Prosjektnamn:

Forsking og utdanning innan "Lean industri", jf. eige vedlegg

Sektormål:

Prosjektet medverkar til å nå sektormåla 1 og 2

Samarbeidspartnarar:

Høgskolen i Telemark
Høgskolen i Gjøvik

Formålet med prosjektet:

Målet for prosjektet er få den norske leiingsmodellen, utmeisla på -70 og -80 talet, til å smelte inn i "lean" og/eller endre modellen slik at den passar til dei nye føresetnadene som produksjonsverksemdar har i dag, ei lean-tenkjande verksemd, globalisert verdikjede, globalt samarbeid og globalt eigarskap av verksemdene. Vidare er det ønskjeleg å få til samarbeid, arbeidsdeling og utvikling av nye tilbod innan "Lean-leiing" ved å konsentrere og tilby kompetansen i eit forskings- og utdanningsnettverk. Noreg sine kunnskapsressursar innan dette fagområdet finst ved fleire universitet, høgskolar og industriverksemdar, men det er ikkje gjort nokon freistnad tidlegare på å få konsentrert denne kunnskapen.

Tidsplan:

Start: Q2 2010
Slutt: Q2 2012

Budsjett:

HiTs del: 700 000 NOK

Biblioteket (1 prosjekt):

Prosjektnamn:

Kjeldekritikk og kjeldebruk, jf. eige vedlegg

Sektormål:

Prosjektet medverkar til å nå sektormål 3

Samarbeidspartnarar:

Høgskolen i Telemark
Universitetet i Agder

Formålet med prosjektet:

Formålet med prosjektet er å betre lærings-/studiesituasjonen for studentar ved å medverke til at dei får

naudsynt kunnskap om kjeldekritikk og kjeldebruk, og at studentar etter fullført studieløp har grunnleggjande informasjonskompetanse som ein del av læringsutbyttet.

For å nå målet vil prosjektet:

- systematisere kunnskap om kjeldekritikk og kjeldebruk
- utarbeide ein digital ressurs om kjeldekritikk og kjeldebruk
- utarbeide ein opplæringsmodul i kjeldekritikk og korrekt kjeldebruk til bruk for tilsette og studentar ved UiA, HiT og eventuelle andre samarbeidande institusjonar.

Ressursane blir i første omgang gjort tilgjengelege for tilsette og studentar ved UiA, HiT og andre samarbeidande institusjonar, men det er lagt til grunn at dei blir stilte til rådvelde også for heile UH-sektoren og andre interessentar.

Tidsplan:

Start: Q4 2010

Slutt: Q4 2012

Budsjett:

HiTs del: 500 000 NOK

3.2 Plan for tildelt løyving for 2010

HiT har utarbeidd følgjande plan for disponering av tildelt løyving i 2010:

Inntekter/utgifter	Beløp (1000 kr)
Driftsinntekter	
Av dette løyvingsfinansiert verksemd	490 786
Av dette andre driftsinntekter	25 188
Av dette eksternfinansiert verksemd	14 423
Sum driftsinntekter	530 397
Driftskostnader	
Av dette lønskostnader	327 938
Av dette husleige	86 633
Av dette andre driftskostnader	115 326
Sum driftskostnader	529 897
Driftsresultat BFV	0
Driftsresultat BOA	500

Løyvingsfinansiert verksemd består av kr 490 786 000 på kapittel 260, post 50.

I tillegg kjem løyving på kapittel 281, post 01:

- Vidareføring av 25 studie plassar i førskolelærerutdanninga (halvanna års verknad) i Drammen 2 137 500
- Vidareføring av 20 deltids studie plassar, PUB-studium (heilårsverknad) 570 000

Endringar i ramma frå 2009 til 2010 kjem fram slik:

- Det er lagt inn kr 14 911 000 i løns- og prisvekstkompensasjon.
- Det er ikkje tildelt midlar til nye stipendiatstillingar i budsjettet for 2010. Det er tilført kr 534 000 for å dekkje heilårseffekt av 1 stipendiatstilling som blei lagd inn i budsjettamma med ein tredels effekt i 2009.
- Høgare studiepoengproduksjon i 2008 enn i 2007 medfører at løyvinga er auka med kr 2 403 000.
- Gjennom den resultatbaserte FoU-komponenten, resultatbasert omfordeling (RBO) i det nasjonale finansieringssystemet, fekk HiT ein reduksjon i ramma på kr 2 007 000 i høve til løyvinga i 2009.
- HiT har fått kr 6 780 000 i auka løyving som følge av heilårsverknad for nye studie plassar gjevne i 2009. I tillegg er det trekt inn kr 285 000 som følge av endring i talet på studie plassar. HiT får ikkje ytterlegare studie plassinndragingar i 2010, men tar med seg ein reduksjon på 10 allmennlærerutdanningsplassar frå 2006.

Oppsummert tabellarisk kjem endringa i løyvinga frå 2009 til 2010 fram slik:

Tekst	Beløp i kroner
Grunnløyving 2009	468 450 000
Endringar 2009-2010:	
Løns- og prisvekstkompensasjon	14 911 000
Heilårsverknad stipendiatstilling gjeven i 2009	534 000
Auka løyving studiepoeng	2 403 000
Redusert løyving FoU-komponent (RBO)	- 2 007 000
Heilårsverknad nye studieplassar gjevne i 2009	6 780 000
Halvårsverknad studieplassar trekte inn i 2006	- 285 000
Sum endringar 2009-2010	22 336 000
Grunnløyving 2010	490 786 000

Disponering av tildelt løyving i 2010, jf. S-sak 125/09, går fram av følgjande tabell, fordelt på avdelingane, fellestenestene, fellestiltak, øyremerkte tiltak, utviklingstiltak og reservepost:

Driftseiningar m.v.	Rammer
Avdelingar	
AF	81 193 000
EFL	97 504 000
HS	50 040 000
TF	52 047 000
Fellestenester	
BiB	13 181 000
DR	120 557 000
FA	23 587 000
IT	15 946 000
Fellestiltak	17 660 000
Øyremerkte tiltak	6 100 000
Utviklingstiltak	11 851 000
Reservepost	1 120 000
Sum	490 786 000

Den løyvde summen på totalt kr 2 707 500 på kapittel 281, post 01 kjem ikkje fram av tabellen over. Midlane er tilførde EFL.

Ved fordelinga av budsjettet kanaliserte styret særskilde ressursar til desse større strategiske satsings- og utviklingstiltaka i 2010:

Utviklingstiltak			Til fordeling
Strategiske satsingstiltak			
<i>Universitetssatsing:</i>			kr 10 985 000
Universitetsprosjektet	kr	150 000	
Doktorgradsstudium i kulturstudiar	kr	1 600 000	
Doktorgradsstudium i prosess-, energi- og automatiseringsteknikk	kr	6 485 000	
Doktorgradsstudium i helsefremjande arbeid	kr	50 000	
Mastergradsstudium i fleirkulturelt førebyggjande arbeid med barn og unge	kr	1 500 000	
Grunnskolelærarutdanning ny modell, reserve	kr	700 000	
Senter for omsorgsforskning - Sør	kr	500 000	
Kompetanseutvikling			
FoU-permisjon			kr 1 400 000
Førstelektorprogram			kr 130 000
Intern finansiering av doktorgradsutdanning			kr 604 000
Kompetanseutviklingsplan			kr 400 000
Studiepermisjon			kr 330 000
Felles utviklingstiltak			
Desentralisert bibliotek Drammen			kr 288 000
Digitale telemarkskjelder			kr 200 000
Disposisjonsbeløp for rektor/direktør			kr 300 000
E-læring			kr 90 000
Etter- og vidareutdanning			kr 200 000
Internasjonalisering			kr 1 370 000
Institusjonelt nettverkssamarbeid med UiA			kr 150 000
Kina-samarbeidet			kr 244 000
Kvalitetssikringssystem			kr 0
Likestilling			kr 125 000
Miljøpris			kr 5 000
Seniorpolitikk			kr 80 000
Seniorstipend			kr 85 000
Stimuleringsmidlar for bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet			kr 0
Større utstyrskjøp og vedlikehald			kr 4 500 000
Utbyggingsfond			kr 500 000
Verkemidlar for regional FoU og innovasjon (VRI)			kr 0
Sum utviklingstiltak			kr 21 986 000

Samla sett meiner høgskolen at løyvinga er disponert i samsvar med føringar og politiske styringssignal og med sikte på at planane for 2010, slik dei går fram i dette dokumentet, kan realiserast.

Vedlegg

1. Skjema for risikovurdering

2. Evaluering av allmennlærerutdanninga ved Høgskolen i Telemark - Oppfølgingsplan

3. Evaluering av ingeniørutdanninga ved Høgskolen i Telemark - Oppfølgingsplan

4. Tillegg til rapport og planar (2009-2010) – innhenting av opplysningar om potensiell vekstkapasitet blant universitet og høgskolar

5. SAK-prosjekt: Prosjektomtaler